

Seks kyrkjestader i Rogaland



Ein arkeologisk analyse av kyrkjestader i ytre og indre delar av Rogaland

Angunn Skeiseid

Mastergradsoppgåve i arkeologi
Universitetet i Bergen
Haust 2007

FORORD

Først vil eg rette ei stor takk til rettleiaren min, professor Ingvild Øye, som alltid har stilt opp med raske, konstruktive og grundige tilbakemeldingar og kome med nye innspel til korleis ting kan løysast og forbetrast.

Takkast skal også tilsette ved Ryfylkemuseet på Sand for hyggeleg prat og hjelp med litteratur. Sumaren 2007 var eg så heldig at eg fekk sitje ”på loftet” på Arkeologisk museum i Stavanger å skrive – tusen takk til museet som gav meg moglegheita til å sitje der. Tone Daasvand og Tore Helge Olsen på AmS sitt vitskapelege arkiv skal ha takk for hjelp der, det same skal Åsa Dahlin Hauken ha.

Grunneigarar på ulike gardar i Klepp, Time og Suldal kommunar skal ha takk for positiv respons på førespurnad om synfaring på gardane deira. Og Knut Tjosevik må takkast for den ”jille” kulturminneturen me hadde på Jæren ved juletider i 2005, med besøk av mellom anna Krosshaug og Bore gamle kyrkjegard.

Lesesalsgjengen på Bryggen er også takk skuldige – det var ein fin gjeng å ha rundt seg, både fagleg og sosialt, den tida eg satt der. Eg vil også rette ei stor takk til dei eg har jobba i felt med, spesielt Even Bjørdal, Katharina Lorvik og Ann Katrine Sivertsen for oppmuntring, mykje lått og løye.

Dei gode vennene mine frå tida i Studentersamfunnet i Bergen – takk for fantastisk gode opplevingar utanom studiet! ”Gaudeamus igitur.....”

Mi gode venninne Trine Lilleås har lese korrektur – tusen takk!

Ei stor takk skal mammaen min, Åse Lindø Skeiseid, ha for gode ord og oppmuntring! Og pappa, Gunvald Skeiseid, skal ha takk for gode samtalar kring oppgåva og for korrekturlesing. Dei skal også ha takk for all økonomisk støtte i form av reisepengar (og ”her har du litt ekstra til kaffi på ferjå”) når eg har farta opp og ned mellom Bergen og Stavanger.

Til slutt vil eg gi ei stor takk til kjærasten min, Gaute Tengedal, som også var ein svært så dugande ”feltassistent” å ha med på turane mine til Jæren og Ryfylke. Han har teke somme av bileta som er trykte i oppgåva.

Angunn Skeiseid

November 2007

Innholdsliste

1. INNLEIING	1
Emne og mål.....	1
Problemstillingar.....	3
Undersøkingssområde.....	3
Kjelder.....	5
Strukturen på oppgåva.....	6
2. FORSKINGSHISTORISK BAKGRUNN	7
Rituelle stader og spørsmålet om kontinuitet eller brøt.....	8
Kyrkjestader og religionsskifte på Vestlandet.....	10
Studium av steinkrossane på Vestlandet.....	11
Andre undersøkingar kring religionsskiftet på Vestlandet.....	13
Undersøkingar kring religionsskiftet i Rogaland.....	13
Stadnamnsgransking.....	14
2. TEORETISKE OG METODISKE TILNÆRMINGAR	16
Teoretisk tilnærming	
Stader og monument som middel for kommunikasjon – landskapet som kontekst.....	16
Metodiske tilnærmingar	
Visuell landskapsanalyse.....	17
Romleg analyse – retrospektiv bruk av gamle kart og framstilling av nye.....	18
Retrospektiv metode – bruk av skriftlege kjelder.....	19
Stadnamn.....	20
Datering.....	20
3. KYRKJESTADANE I LANDSKAPET	22
Haug skipreide	23
<i>Kyrkjestaden på Time</i>	24
<i>Krosstaden på Hauge</i>	27
Samandrag – plassering i Haug skipreide.....	29
Klepp skipreide	29
<i>Kyrkjestaden på Kleppe</i>	30
<i>Kyrkjestaden på Bore</i>	31
Samandrag – plassering i Klepp skipreide.....	33
Oppsummering – kyrkjestadene si plassering i ytre strok	35
Jelsa skipreide	35
<i>Kyrkjestaden på Jelsa</i>	35
<i>Kyrkjestaden på Sand</i>	38
Samandrag – plassering i Jelsa skipreide.....	41
Suldal skipreide	42
<i>Kyrkjestaden på Vinjar</i>	42
Samandrag – plassering i Suldal skipreide.....	45

Oppsummering – kyrkjestadene si plassering i indre strøk.....	46
Samla vurdering.....	46
<hr/>	
5. GARDAR MED KYRKJE OG DEIRA ØKONOMISKE BASIS.....	48
Haug skipreide.....	50
Klepp skipreide.....	51
Jelsa skipreide.....	52
Suldal skipreide.....	53
Samla vurdering.....	54
6. KVEN REISTE KROSS OG BYGDE KYRKJE, KVA TID OG KVIFOR?.....	55
Kven bygde kyrkje og reiste kross?.....	56
<i>Stormenn bygde kyrkje og reiste kross?.....</i>	<i>57</i>
<i>Bygdefolket reiste kyrkje i fellesskap?.....</i>	<i>59</i>
Kva tid vart kyrkjene bygde?.....	60
Kva omsyn er tekne i val og skiping av kyrkjestad?.....	65
<i>Omsyn til gamle rituelle stader –brot eller kontinuitet?.....</i>	<i>65</i>
<i>Omsyn til monumentalitet?.....</i>	<i>65</i>
Makt og maktkontinuitet?.....	66
Kyrkjestader i ytre og indre Rogaland – ei samanlikning.....	67
Oppsummering.....	69
Resultat frå Rogaland i høve til andre undersøkingar.....	70
7. AVSLUTNING.....	71
FIGURLISTE.....	73
TABELLISTE.....	73
LITTERATUR OG KJELDER.....	73

1 INNLEIING

Ártið er Ingibjargar Káradóttur Þrim nóttum eptir krossmessu um várit. Hverr sá maðr rúnar Þessar sér, Þá syngi Pater Noster fyrir sál hennar. Hjalpi Guð Þeim er svá gerir.
(*NIyR III: 153, 156*)

Emne og mál

Sitatet over er frå ei runeinnskrift¹ som har vore rissa inn på ein planke i den nordre svala på den gamle, no nedrivne kyrkja på Kleppe på Jæren. Det var biskop Wegner i Stavanger bispedøme som på 1600-talet fekk teikna av innskrifta, som seinare har blitt datert til 1100-talet (NIyR III: 153, 156). Kyrkje og innskrift syner at kristendommen iallfall då var komen til Jæren og at kristne rituale var innarbeidde. Innskrifta fører inn i emnet for denne oppgåva: religionsskiftet, overgangen frå heidendom til kristendom, med utgangspunkt i ein studie av rituelle stader.

Områda som studien min er lagt til er to ulike landskapsområde i noverande Rogaland fylke. Undersøkinga omfattar seks kyrkjestader – stader som har hatt kyrkje i mellomalderen – i tillegg til ein stad med steinkross. Desse stadene er lokaliserte i det som i mellomalderen var Haug og Klepp skipreider på midt-Jæren og Jelsa og Suldal skipreider i dei indre delane av Ryfylke. Ingen av kyrkjestadene, som alle opphaveleg har hatt trekyrkje, har lenger bevarte restar etter dei tidlege bygga. Det er dermed sjølv *staden*, og skipinga av denne, som står i fokus for undersøkinga.

Målet er å syne korleis ein ved å studere slike stader kan få kunnskap om spørsmål knytte til religionsskiftet, og om det kan påvisast skilnader mellom desse to områda – eit kystnært og eit fjord- og innlandsstrøk i Rogaland. Tilnæringsmåten kan truleg òg kaste lys over aktørane i kristningsverket: kven som reiste kross og kyrkje og dermed indirekte kva tid dei vart reiste, kvifor dei vart reiste og kvifor dei er plasserte slik dei er. Eg tek såleis utgangspunkt i ein pragmatisk definisjon av ”kristning”: at eit område er kristna når kyrkje er reist. Det har tidlegare ikkje vore gjort tilsvarende undersøkingar i Rogaland.

Sidan det er påvist at kristne idéar og kristen påverknad i stor grad kom til Vestlandet frå Dei

¹I omsetjing: Sjelemessedagen til Ingebjørg Kåredotter er tre netter etter krossmesse (6. mai). Kvar den mann som ser desse runene, syngje Pater Noster for sjela hennar. Gud hjelpe den som gjer det” (NIyR III: 153, 156)

britiske øyane, har det vore hevda at religionsskiftet først gjekk føre seg ute ved kysten, og at kristendommen så etter kvart spreidde seg innover i landet (m.a. Sawyer og Sawyer 1993: 103). Val av område er også gjort ut frå ein slik bakgrunn. Er det eit anna mønster i val av kyrkjestader i dei to ulike undersøkingsområda?

Skriftlege samtidskjelder syner at kyrkjereising var eit viktig element i kristnings-prosessen. I kristenretten i Gulatingslova finn vi ei rekkje føresegner om bygging og vedlikehald av kyrkjer. Blant anna vart ein skipnad for kyrkjereising lovfest med hovudkyrkjer, fjordungskyrkjer, åttungskyrkjer, heradskyrkjer og høgendeskyrkjer (G12). I Rogaland har det ikkje vore mogleg å lokalisere dei tre første typane kyrkje. Vidare vart det vedteke kva for samfunnsgrupper som skulle stå for kyrkjebygginga; ein vart samd om kva som skulle skje dersom vedlikehaldet vart forsømt; det vart lovfest kva straff den skulle ha som ikkje nytta seg av dei lovpålagde kyrkjelege tenestene som dåp og kristen gravlegging.

I lovteksten skin det gjennom at det låg føre initiativ og truleg også påtrykk frå kong Olav Haraldsson og biskop Grimkjell, ”den egentlige organisator av kirken i landet” (Birkeli 1973: 9; Helle 2001: 201). Også i sogene høyrer vi om kristkongane Olav Tryggvason og Olav Haraldsson at dei på ferdene sine kring i landet ofte fekk reist kyrkjer. Det kunne såleis vere ulike aktørar bak reisinga i den første kristne fasen. Det kunne ha skjedd på initiativ av kongen og hans menn, eller at andre stormenn reiste privatkyrkjer på garden, som høgendeskyrkje, eller av bygdefolk som gjekk saman om reisinga av heradskyrkjer eller bygdekyrkjer. Ei undersøking av lokaliseringa av kyrkjestaden vil difor bli gjennomførte i ein slik kontekst.

Kyrkjestadene vil også verte undersøkte i ein større landskapskontekst for å vurdere spørsmålet om kyrkja var bygd på gamle rituelle stader eller om det skjedde eit brøt, og om ho var reist på storgardar eller på sentrale møtepunkt i bygda og tenkt for ein større kyrkjelyd.

Spørsmålet om kvar og om kven som reiste kyrkje og kross i mine område vil bli sett i relasjon til busetnaden rundt, for å på den måten å klassifisere kva type kyrkje det er snakk om: enten gardskyrkje – reist i tilknytning til ein einskild gard – eller ei kyrkje bygd i fellesskap av eit bygdelag. Ei slik identifisering av kven det var som bygde vil kan hende også indirekte gi visse haldepunkt for kva tid kyrkja vart reist.

Med kristendommen vart kultstaden og gravlegging i større grad sentraliserte til éin stad, slik at viktige sider ved kultutøvinga gjekk føre seg på eit avgrensa område: Kristendomsbolken i Gulatingslova gir klare påbod om at ein skal bygge kyrkje og ”setja gard um henne” (G 13).

Gravleggingsrituala vart kraftig endra i det kristenretten påbaud at dei døde skulle først til kyrkja og bli gravlagde i heilag jord (G 23). Såleis miste ættene mellom anna retten dei tidlegare hadde hatt til å gravlegge dei døde på ættegarden sitt eige område.

Ei tilnærming vil difor vere knytt nettopp til problematikken kring kultkontinuitet eller kultbrot i ei topografisk tyding (Gräslund 1992: 147). Ulike definisjonar på kultstadskontinuitet har vore nytta. Ein definisjon har gått ut på å tolke det som kontinuitet dersom ei kyrkje vart bygd på same plassen som tidlegare, førkristne, kultstader (McNicol 1997: 13ff). Ein annan går ut på at kultkontinuitet ligg føre når ei mellomalderkyrkje står nær førhistoriske gravfelt og har namn etter eller ligg på dei gardane som desse gravfelta høyrer til (Müller 1991: 359). I denne undersøkinga vil kultstadskontinuitet bli definert i ei vid romleg tyding, der ikkje minst visuell kontakt mellom heidensk gravminne og kyrkjestad vil vere eit viktig element i analysen.

Sjølv kyrkjestaden og plasseringa er altså eit sentralt moment i denne undersøkinga, i forsøket på å finne faktorar som kan ha spela inn i val av slike stader.

Problemstillingar

Dei viktigaste problemstillingane kan summerast opp som følgjer:

Kva skilnader og likskapar med omsyn til kristninga av eit kystnært område og eit fjord- og fjellbygdsområde i Rogaland kan ein finne ved å studere kristne møteplassar i form av kross- og kyrkjestader og skipinga av dei? Dette spørsmålet vil danne ramma kring undersøkinga.

Kvar i landskapet vart kross og kyrkjer plasserte? Ligg dei i tilknytning til ein særskild gard eller ved gamle eller nye samlingsstader i bygdelaget? Kan det ha vore ei eller fleire *ulike* grupper aktørar som fremja kristendomen i dei to områda?

Kva tid vart kyrkjestadene i undersøkingsområda skipa?

Korleis har religionsskiftet gått føre seg med omsyn til brot eller kontinuitet når det gjeld val av kultstad?

Kva for faktorar kan ha vore avgjerande i plasseringa av nye kultstader?

Undersøkingsområda

Stadene som dannar utgangspunktet for denne undersøkinga er som nemnt seks kyrkjestader og ein krosstad lokaliserte i fire skipreider i Rogaland (jf. fig. 1.1 – 1.5). Når eg har valt å bruke skipreideinndelinga framfor den kyrkjelege inndelinga i sokner, er det fordi sokneinndelinga vert

rekna som sekundær, først etablert i løpet av 1100-talet (m.a. Brink 1990: 73). Mange stader vil dette innebære at sokneinndelinga kan ha kome *etter* at kyrkjestaden var skipa, medan skipreideinndelinga derimot er tufta på gamle administrative einingar som kan vere eldre og gå tilbake til 900-talet (Robberstad 1969: 9).

Val av undersøkingsområde er som nemnt innleiingsvis gjort for å fange inn tendensar i to ulike område – i indre og ytre strok i Rogaland. Klepp og Haug er sentrale kystbygder på Midt-Jæren som med plasseringa si vender ut mot Nordsjøen og landa og øyane i vest, medan fjordbygda Jelsa og dalføret Suldal ligg inne i Ryfylkefjordane, og såleis med større avstand til kysten. Suldal, som ligg lengst inne i Hylsfjorden har også anslag av å vere ei fjellbygd med grenser, gamle vegar og far som går over fjella til Vest-Telemark og Setesdalen (Bakka 1997: 7). Dette området i indre Ryfylke, som idag omfattar Suldal kommune, utgjer likevel ikkje det vi tradisjonelt tenkjer på som eit typisk innlands- område, men er knytt til både fjorden og fjellområda i aust.

Folk inne i fjordane må ha vore i kontakt med andre bygdelag lenger ut mot kysten: Den lovpålagde leidangstenesta og den geografiske plasseringa som knutepunkt mellom nord–sør og aust–vest kan ha gjeve opphav til tidleg kontakt med den nye religionen. Ein annan grunn for val av område er å undersøke om det teiknar seg ulike mønster når det gjeld val av kyrkjestader i ulike delar av Rogaland og om eventuelle ulikskapar i eigedomsstruktur og ressursgrunnlag kan ha spela inn.




Fig. 1.1: Kart over undersøkingsområda – inndelt i skipreider.
 1: Haug skipreide, 2: Klepp skipreide, 3: Jelsa skipreide,
 4: Suldal skipreide. (Kart: A. Skeiseid 2007)



Fig. 1.2 Haug
 skipreide
 a: Time kyrkjestad
 b: Hauge krosstad



Fig. 1.3 Klepp
 skipreide
 a: Klepp kyrkjestad
 b: Bore kyrkjestad




Fig. 1.4: Jelsa
 skipreide –
 a: Jelsa kyrkjestad
 b: Sand kyrkjestad



Fig. 1.5: Suldal
 skipreide –
 Vinjar kyrkjestad

Kjelder

Sjølve landskapet med spor etter både førkristne og kristne samlingsstader og deira relasjon til tidlegare busetnad vil vere eit viktig utgangspunkt for undersøkinga. Men desse kan ikkje kaste lys over alle problemstillingane. Difor må også skriftlege kjelder og kartmateriale bli trekte inn: I ei rekkje brev og dokument frå mellomalderen, trykte i *Diplomatarium Norvegicum*, finst det opplysningar om kyrkjer, sokn og prest, som indirekte kan seie noko om kyrkjestadene sin alder. Ikkje minst er Gulatingslova sin kristenrett med sine normative føresegner om bygging og vedikehald av kyrkjer ei viktig kontekstuell ramme. *Skattematrikkelen av 1647 - Rogaland fylke* kan gi indikasjonar på økonomisk gardsstorleik ut frå verdimålet "landskyld", opplysningar om busetnad og – for Jelsa og Suldal sin del, men ikkje for Jæren – opplysningar om eigedomsforhold. Matrikkelen gir informasjon om tilhøva i tidleg nytid men kan også gi informasjon som kan peike lenger bakover, om han vert nytta med kjeldekritisk varsemd.

Kart frå det økonomiske kartverket (ØK-kart), jordskiftekart og kart over gravminne på Jæren laga av konservator Tor Helliesen (1906), vil vere grunnlaget for utarbeidinga av egne kart. Stadnamn vil bli brukte i den grad dei kan gje indikasjonar på gardar sin alder og status i mellomalderen. Eg bygger såleis på eit breitt kjeldemateriale, som samla gjer det mogleg å diskutere spørsmåla over.

Strukturen på oppgåva

Oppgåva er disponert på følgjande vis: Etter innleiinga skal eg i kapittel 2 gi eit kort riss av kva som tidlegare er gjort av forskning kring religionsskiftet med utgangspunkt i studie av kyrkje- og krosstader, både innanfor historisk og arkeologisk forskning. Oversynet er berre meint å danne eit rammeverk for mi eiga undersøking og er såleis ikkje ei fulldekkande oversikt.

I kapittel 3 skal eg kort gjere greie for teoretiske tilnærmingar og kva for metodar som vil bli brukte i ei tilnærming til dei ovannemnde problemstillingane.

Kapittel 4 og 5 utgjer analysedelen: I kapittel 4 vil kyrkjestadene og krosstaden bli analyserte med omsyn til plassering i landskapet: plassering nær gardstun eller ei meir sentral plassering i ei bygd; forholdet til førkristne gravminne og henvending.

I kapittel 5 skal eg undersøke gardane sin økonomiske status, som igjen kan laste lys over kva for type gardar som fekk reist kyrkje – om kyrkja opphavelig var ei gardskyrkje eller om eit bygdelag i fellesskap hadde gått saman om å bygge kyrkje.

I kapittel 6 skal eg halde saman funna frå kapittel 4 og 5 i høve til problemstillingane mine. Kapitlet vert avslutta med ei jamføring av funna frå dei indre og ytre stroka i Rogaland.

Kapittel 7 er avslutningskapitlet der eg samlar trådane og oppsummerer resultatane eg har kome fram til i undersøkinga.

2 FORSKINGSHISTORISK BAKGRUNN

Frå midten av 1800-talet har norske historikarar vore opptekne av religionsskiftet i Noreg, overgangen frå heidendom til kristendom frå 1000-talet og framover. Dei tidlege historikarane, til dømes Rudolf Keyser og Peter Andreas Munch, bygde i stor mon forskinga si på sagaopplysningar, særleg Snorres *Heimskringla* og fann at kristninga hadde vore ein relativt rask prosess med kongar som drivkraft. Heidendommen vart oppfatta som ein svak religion som var i ferd med å smuldre opp innanfrå: “Vikinge-Tiden omfatter den periode, i hvilken Aasa-Religionen, der allerede havde overlevet sig selv, veg Pladsen for Christendommen” (Munch [1852] 1996: 33).

Arkeologar og seinare historikarar har ikkje alle vore samde i dette synet. Nyare forskning har i større grad sett på dei politiske og normative fundamenta for trusskiftet og trekt inn andre kjeldekategoriar og synsmåtar, ikkje minst landskapslovene, dessutan eigedomsforhold og det økonomiske fundamentet. Spørsmålet om kor lang tid prosessen tok, med ulike fasar i kristninga og kven som involverte seg i kristningsprosessen har vore reist. Arkeologiske undersøkingar ved og i mellomalderkyrkjer, nærare dateringar av gravminne og utvida utnytting av skriftlege kjelder har ført til nye spørsmål som har gjeve andre svar enn Kaysers og Munchs.

Motsett av 1800-talets historikarar sitt syn på heidendommen meiner mange i dag at den gamle trua stod sterkt i det førkristne samfunnet også på eit seint stadium. Dei som levde i overgangsfasen då kristendomen vart offisielt vedteken på tinget i 1020-åra må ha oppfatta kristninga som eit vanskeleg og konfliktylt brot med gamle tradisjonar, enda sterkare sidan innføringa i tid fall saman med endra politiske og sosiale forhold. Dette er eit syn som har blitt sett fram av blant andre religionshistorikaren Gro Steinsland (Steinsland 2005: 421). Nyare arkeologiske undersøkingar kring graver og gravskikk har støtta opp om at den norrøne kulten med gravlegging i til dels monumentale anlegg heldt fram mot slutten av 900-talet og inn på 1000-talet, men med lokale variasjonar (Gellein [1997] 2007; Madsen 1998).

I 1995 vart tusenårsjubileet for den norske kyrkja feira og i forkant av dette vart det skipa eit tverrfagleg seminar med arkeologar, historikarar, religions- og kunsthistorikarar og norrønfilologar som deltakarar. Dei faglege innlegga frå seminaret vart publiserte i *Møtet mellom hedendom og kristendom i Norge* [Lidén 1995 (red.)]. Dette prosjektet, saman med det tilsvarende svenske prosjektet, *Sveriges kristnande* [Nilsson 1992 (red.)] er også karakteristiske for dagens forskningssituasjon kring religionsskiftet – der ulike disiplinær arbeider på tvers av

faggrensene sine.

I dei seinare åra er det kome ei rekke oversikter som syner kva forskning som er gjort kring religionsskiftet i eit historisk perspektiv. John McNicols hovudfagsoppgåve i historie, *Plasseringen av de første kirkene i Norge i forhold til de første kultstedene* (McNicol 1997) gir eit særleg grundig historiografisk oversyn over dette forskingsfeltet frå tida mellom 1830 og fram til idag. Eg vil i det følgjande difor avgrense meg og legge vekt på dei aspekta som står sentralt i mi eiga undersøking og som kan danne ei ramme kring den føreliggjande framstillinga.

Rituelle stader og spørsmålet om kontinuitet eller brøt

Spørsmålet om kontinuitet eller brøt i val av kultstad står sentralt i den nyare forskinga. Historikarar på midten av 1800-talet tok det nærast for gitt at dei eldste kyrkjene vart bygde på stader som tidlegare hadde vore heidenske kultstader, hov (Olsen 1966:10). *Ecclesia triumphans*-teorien var rådande – tanken om at den sigrande kristendommen bygde gudshuset sitt på ruinane av den heidenske trua sitt tempel (Lidén 1995a: 17).

Tidlege oppfatningar gjekk som nemnt ut på at heidendommen var ein religion på vikande front som var i ferd med å døy innanfrå. Kristendommen kom til landet som redninga for menneske og samfunn som var i eit religiøst vakuum. Religionsskiftet vart såleis vurdert som ein sivilisasjonsprosess – ei åndeleg frigjering (McNicol 1997: 30) – og kultstadskontinuiteten var det fysiske provet på at så var tilfelle.

At slike førsestillingar gjorde seg så sterkt gjeldande i den eldre forskinga botnar mellom anna i at ein i stor grad brukte *skildrande* kjelder, fyrst og fremst sogematerialet, der truverdet i kjeldene vart definert ut frå det som vert kalla ”samtidighetsprinsippet”: di nærare ei kjelde var hendingane i tid og rom, di meir pålitelege kunne dei reknast å vere (Dahl 1976: 66).

Teorien om kontinuitet hadde stor gjennomslagskraft, og autoritetar frå andre disiplinar gav støtte til teorien gjennom bruk av kjelder frå sine fag. Kunsthistorikaren Lorentz Dietrichson begrunna kultstadskontinuitet ut frå eit reint arkitekturmessig synspunkt. Ved kristninga skulle det ha stått eit sett med ”kyrkjebygningar” som vart brukte i den heidenske kultutøvinga. Desse vart overtekne av kyrkja, og stavkyrkjene var dei arkitektoniske etterføljarane (Nordhagen 2003: 91). Sidan det såleis fanst kontinuitet mellom kultbygningar frå førkristen til kristen tid, kunne Dietrichson slutte at det låg føre kultstadskontinuitet.

Antikvar Nicolay Nicolaysen var den første som stilte spørsmål ved tanken om

kultstadkontinuitet. Han drog i tvil at det skulle finnast ein arkitektonisk samanheng mellom hovet og stavkyrkja. Dessutan hevda han at den styrande faktoren for kvar ei kyrkje skulle byggjast var at staden var ”bekvemmende” for bygdefolket (McNicol 1997: 98, 105 med referanse), på ein annan stad enn hovet hadde stått. Denne teorien vert kalla ”bygdesentrumsteorien”.

Det radikale brøtet med kultstadkontinuitet-paradigmet kom likevel ikkje før i 1966 med den danske arkeologen og historikaren Olaf Olsen og avhandlinga hans *Hørg, hov og kirke* (Olsen 1966). Etter å ha leia arkeologiske undersøkingar ”i gulvene” i danske mellomalderkyrkjer utan at det vart funne restar som var eldre enn trekyrkjene og ut frå strenge kjeldekristiske granskingar av dei skriftlege norrøne kjeldene, meinte Olsen at det ikkje fanst noko belegg for å hevde at det hadde funnest særskilde tempel eller kultbygningar i førkristen tid. Han sette også spørsmålsteikn ved tidlegare påstandar om eit tett, nærast automatisk samband mellom førkristen kultplass og kyrkje (Olsen 1995: 121ff.).

Tretti år etter at *Hørg, hov og kirke* vart publisert meinte Olaf Olsen at hovudtrekka og dei viktigaste konklusjonane i avhandlinga mest sannsynleg ikkje ville ha vore særleg annleis om han skulle ha skrive ho idag, trass i at det har kome til mykje ny forskning på emnet (Olsen 1995: 127). Likevel ville han ikkje så sterkt ha avvist all tale om kult- og gravplasskontinuitet, og han ville ikkje like bestemt ha forkasta tanken om at ein på sentrale heidenske kultplasser hadde reist kyrkjer som uttrykk for *ecclesia triumphans*.

Hans Emil Lidén leia på slutten av 1960-talet utgravingane ved Mære kyrkje i Trøndelag og ville teste Olaf Olsens hypotese som totalt hadde avvist at hov hadde eksistert (Lidén 1969: 4). Under steinkyrkja fann arkeologane spor etter ei trekyrkje og gravleggingar. Vidare vart det funne bygningsrestar daterte til jernalderen. I stolpehola til denne bygningen fann ein små gullblekkplater, såkalla gullgubbar, som er blitt daterte til yngre jernalder (Lidén 1995a: 11). Det avbilda paret på desse platene er vorte tolka som eit mytisk par som rituelt vart lagt ned ved høgsetet, der fyrsteparet hadde sin autoritetsplass og der viktige rituale vart gjennomførde (Steinsland 2005: 416). Utgravinga etablerte såleis ein stadmessig samanheng mellom ein kyrkjebygning og ein førkristen lokalitet (Lidén 1995a: 11). Resultata frå denne gravinga vert rekna som eit klårt døme på kultstadkontinuitet i Noreg.

Mykje av forskinga kring religionsskiftet har i dei siste tiåra vore konsentrert kring kyrkjestaden og i seinare tid også den staden sin relasjon til eit større landskap og til busetnad

rundt. I magistergradsavhandlinga *Gård og kirke, bygd og sogn* undersøkte Dagfinn Skre (Skre 1984) kyrkjebygginga og organiseringa av sokn i Sør-Gudbrandsdalen. Ved å studere kyrkjestadene si plassering i forhold til einskilde gardstun og bygdebusetnad og namn på kyrkjestaden fann han at dei fleste kyrkjene i dette innlandsområdet var bygde som gardskyrkjer (Skre 1984: 157).

Jan Brendalsmo har vidare teke føre seg problematikken kring kultstadskontinuitet og -brøt ved å undersøkje kyrkjestader i to ulike regionar, Vestfold og Sør-Trøndelag (Brendalsmo 1994;1997). For Sør-Trøndelag sin del konkluderte han med at det i første rekke er snakk om kultstadskontinuitet i relasjon til tunet på dei gamle hovdinggardane, enten det dreier seg om gravfelt, heilagkjelder eller gildehallar (Brendalsmo 1997: 10). I Vestfoldundersøkinga konkluderte han også med at dei fleste mellomalderkyrkjene er bygde på storgardar – på tunet og inntil det førkristne gravfeltet (Brendalsmo 1994: 115ff.).

I baa dei undersøkte områda finn han altså at det er mektige samfunnstoppar som har bygt kyrkje. Brendalsmo ser det som svært usannsynleg at bygdefolket på slutten av vikingtida og i byrjinga av mellomalderen kan ha stått bak bygging av dei tidlegaste kyrkjene, både på bakgrunn av manglande økonomi og av mangel på insentiv til å gjere det (ibid.: 105).

Både Skre og Brendalsmo har såleis gjort undersøkingar baserte på mykje det same metodiske grunnlaget som eg vil bruke i denne undersøkinga og resultatata deira vil bli trekte inn i ei kort jamføring mot slutten av denne oppgåva.

Kyrkjestader og religionsskifte på Vestlandet

I det seinaste tiåret er det blitt gjort fleire undersøkingar som ledd i hovudfags- og mastergradsoppgåver i arkeologi som søker å kaste lys over religionsskiftet på Vestlandet med utgangspunkt i kyrkjestader. Geografisk er undersøkingane sentrerte til indre Sogn (Brattekværne 2006), søre Sunnhordland (Ingvaldsen 1996), delar av Hardanger med Kvinnherad (Birkenes 2004) og innlandsbygdene Røldal i Hordaland som er samanlikna med Heddal i Telemark (Berg 2005).

Ein fellesnemnar for desse undersøkingane er at kyrkjestadene har vore utgangspunkt for vurdering når det gjeld spørmalet om kontinuitet eller brøt med omsyn til makt og religionsutøving. Vurderingane har blitt gjort ut frå kyrkjestadene si plassering enten i tilknytning til gamletunet eller ei meir sentral plassering – ”midtpunktsplassing” – i ei bygd. Kyrkjestadene

er også vurderte ut frå distansen til heidenske graver og til samferdsleårer. Desse undersøkingane har altså mange felles trekk med undersøkinga mi, både når det gjeld problemstillingar og metodar. Mi eiga undersøking av to område i Rogaland vil såleis utvide det geografiske perspektivet.

Dessutan dekkjer dei ovannemnde undersøkingane område nær kysten, til dømes Sunnhordland, og område som har meir preg av å vere fjord- og innlandsbygder. Såleis vil det vere interessant å sjå om mønstra som trer fram for undersøkingssområda mine i Rogaland i hovudsak er like eller definitivt ulike mønstra i dei nemnde undersøkingane.

Både i Sunnhordland, Hardanger med Kvinnherad og i indre Sogn vart fleirtalet av kyrkjestadene sett i samband med gamletunet på dei respektive gardane – altså at dei var reiste som gardskyrkjer. I Sunnhordland fann Lilli Ingvaldsen at i samtlege tilfelle der kyrkja var gardskyrkje, hadde garden gitt namn til kyrkje og sokn (Ingvaldsen 1996: 121). Ingvaldsen har vurdert den økonomiske statusen til dei gardane som har kyrkje, medan Lars-Øyvind Birkenes og Cathrine Brattekværne også har sett på moglege godsformingar der ein gard som hadde kyrkjestad sat i eit eigarforhold til eller hadde råderett over andre gardar. I innlandsbygdene Røldal og Heddal hadde båe kyrkjestadene ei midtpunkt-plassering. Her tenkjer Linda Berg seg at kyrkjene vart reiste som fellestiltak, der ein har teke omsyn til tilgjenge.

Eit stort fleirtal av kyrkjene i alle områda var reiste på gardar som hadde heidenske gravminne. I Heddal og Røldal var det ikkje mogleg å påvise ein klar kontinuitet i kultstadsplassing, men kyrkjestadene markerte likevel avstand til dei gamle kultstadene (Berg 2005: 70ff.).

Då desse undersøkingane er nokolunde sams med denne, av grunnar nemnde ovanfor, vil eg i korte drag komme tilbake til resultatata frå desse i ei mindre jamføring mot slutten.

Studium av steinkrossane på Vestlandet

I mi undersøking inngår også ein stad med steinkross. Steinkrossane er ei gruppe monument som i dei siste 30 åra har vore utgangspunkt for forskning kring religionsskiftet.

Fridtjov Birkeli var med avhandlinga si *Norske steinkors i tidlig middelalder* (Birkeli 1973) den første som la fram eit systematisk samanliknande og typologisk studium av dei norske steinkrossane. I undersøkinga ynskte han å finne svar på om steinkrossane, i tillegg til reiste steinar med runeinnskrifter og krossmerke, kunne tilskrivast den eldste misjonstida, eller om dei høyrde til i ei seinare tid.

Birkeli føreslo ei inndeling av kristningsprosessen, der den første fasen var ei fleire hundre år lang infiltrasjonstid fram til ca. 950. Misjonsfasen rekna han frå ca. 950 til 1030; deretter følgde ei organisasjonstid og fortsatt misjonstid frå 1030–1153 (ibid.: 14). Med utgangspunkt i form, runeinnskrifter og dekorasjon meinte han at steinkrossane kunne vere reiste i tida frå ca. 950 til eit stykke inn på 1000-talet (Birkeli 1973: 255), altså i overgangstida mellom misjonstida og organiseringa av kyrkja i Norge (ibid.: 222).

Eit anna spørsmål som vart diskutert i avhandlinga var kva slag funksjon steinkrossane hadde hatt (Birkeli 1973: 26). Fleire av steinkrossane er reiste på eller i nært samband med heidenske gravminne. Dette tolka Birkeli som at dei slektene som hadde reist krossen hadde konvertert til kristendommen i ei tid der ein enno ikkje var underlagd den kristne gravskikken. Å reise kross på gravminnet indikerte at den gravlagde og slekta var kristne (Birkeli 1973: 217).

Arkeologane Ingrid Fuglestvedt og Per Hernæs har bidrege med nye modellar for tolking av steinkrossane, i mindre grad med ny empirisk forskning. Dei har lagt vekt på krossane langs Vestlandskysten sin manipulerande funksjon. I følge Fuglestvedt og Hernæs er krossane reiste av medlemmer frå aristokratiet som har prøvt å framstille Vest-Norge som tilhøyrande kristendommen for å pleie allianserelasjonane sine i utlandet. Med utgangspunkt i denne tolkinga har dei trekt tida for krossreisinga tilbake til perioden mellom 750 og 900/1000 (Fuglestvedt og Hernæs 1995: 147; Fuglestvedt 1997: 52). Dette er likevel ikkje empirisk forankra.

Kristine Holme Gabrielsen har i si hovudfagsoppgåve i arkeologi undersøkt steinkrossar på Vestlandet (Gabrielsen [2002] 2007), der ho i større grad enn Birkeli også har vurdert krossane sin arkeologiske og landskapsmessige kontekst, i forhold til tun, vegar, kyrkjestader, tingstader og heidenske graver. Ho har også vurdert monumentaliteten til krossane og stadene dei er plasserte på. Med utgangspunkt i steinkrossane har ho prøvt å belyse kvifor dei vart reiste, på kva for stader, og kva for samfunnsgruppe som kan ha vore krossreisarar. (Gabrielsen [2002] 2007: 212ff).

Til liks med Birkeli peiker også Gabrielsen på krossane sin minnefunksjon oppå gravene, samstundes som ho også legg vekt på at dei kan ha vore uttrykk for makt og prestisje (ibid.: 230). Av dei undersøkte krossane meiner ho at fleirtalet av dei vart reiste av stormenn eller bønder, medan det elles var ei lik fordeling av krossar reiste av konge eller prest og ei større regional tingforsamling eller bygdelag (ibid.: 251).

Både i Birkeli og Gabrielsen sine undersøkingar inngår steinkrossen på garden Hauge i Haug

skipreide. Denne vil også inngå i mi undersøking, men her i ein annan kontekst, der han vil bli trekt inn som eit samanlikningsgrunnlag til dei undersøkte kyrkjestadene.

Andre undersøkingar kring religionsskiftet på Vestlandet

Kristin Gellein har studert alle graver frå yngre jernalder i Hordaland og undersøkt om det i gravmaterialet kunne sporast innslag av kristen påverknad (Gellein [1997] 2007). Både materiale og periode er annleis enn i denne oppgåva, men eitt av spørsmåla ho tok opp og som gjer undersøkinga interessant i min samanheng, var om den kristne påverknaden kunne sporast tidlegast i graver frå kysten, for deretter å spreie seg innover i landet (ibid.: 71).

I konklusjonen på dette punktet tek ho ikkje fråvere av gravfunn frå yngre jernalder til inntekt for å sjå dei kystnære områda som tidlegare influert av kristendommen. I eit nærstudium av Etne (midtre strøk) og Voss (indre strøk) såg ho gravene i samband med steinkrossar og krossbautaer, som viste ”at kristendommen kan ha stått sterkere i Etne enn på Voss og på et tidligere tidspunkt”. Heller ikkje dette vurderer Gellein som noko som kan tolkast som kristning som ein prosess frå kyst til innland (ibid.: 93).

Undersøkingar kring religionsskiftet i Rogaland

Ut frå gravfunn frå yngre jernalder har Rogaland vorte rekna som eit område som tidleg fekk *kjennskap* til kristendommen, då kanskje i første rekkje gjennom impulsar frå England og Irland (m.a. Jørgensen 1995; Hernæs 1995; Myhre 2004: 127). Såleis har delar av fylket i ein viss mon vore gjenstand for gransking med omsyn til kristningsprosessen.

Det er likevel to trekk som skil seg ut: Det eine er at det er den tidlege fasen som i størst grad er fokusert på, der somme grupper i samfunnet kan ha fått kjennskap til kristendommen.

Arkeologen Per Hernæs har tolka gjenstandar med moglege kristne symbol som er funne i heidenske graver frå yngre jernalder som resultat av kristen påverknad. I Rogaland er det mellom anna funne gjenstander med kross-symbol, vokslys og liknande i heidenske graver daterte til 700-talet. Hernæs meiner at det frå midten av 700-talet fanst større eller mindre miljø som har vore influerte av kriste tankegods og haldningar og hatt ein kristen bruk av symbol (Hernæs 1995: 113).

Fleire har stilt spørsmål ved Hernæs sine synspunkt og Kristin Gellein påpeikar at ei slik symboltolking kan vere svært problematisk. Eit symbol kan skifte innhald over tid og innhaldet

som blir lagt i det kan vere ulikt frå stad til stad. Sjølv om gjenstandane som er funne i gravene kan ha hatt eit kriste innhald, er det ikkje opplagt slik at folk i samtida såg på desse gjenstandane som kristne eller brukte dei for å vise ei kristen haldning (Gellein [1997] 2007: 92). Kristne symbol i ein heidensk kontekst, som ein gravhaug, kan forståast som kristen *påverknad*. Men dette vil ikkje nødvendigvis seie at personane som er gravlagde på 700-talet og slekta deira har oppfatta og brukt symbola som i ein kristen kontekst. Dessutan er sjølve gravmarkeringa – som haug eller røys – eit tydeleg og visuelt uttrykk for heidensk gravskikk (Solberg 2003: 312). Monumentale gravminne er dessutan også tolka i ein eigedomskontekst, som eit teikn på råderett over gard og grunn (m.a. Iversen 2004), der fråvere av gravminne kan tolkast som uttrykk for ein underordna status som ikkje gav rett til denne typen gravmarkering. Når det samstundes er i kystområda dei største godssamlingane er lokaliserte, er mangel på gravminne ikkje nødvendigvis eit uttrykk for tidleg kristning.

Det andre trekket er at det, for Rogaland sin del, er kystområdet langs Jæren og området i ytre Ryfylke som har vore dei geografiske utgangspunkta for undersøkingane kring religionsskiftet, medan indre Ryfylke ikkje har fått liknande merksemd. Tre undersøkingar som likevel kan setjast i samband med mi gransking og mine område, er Fridtjof Birkelis og Kristine Gabrielsens når det gjeld steinkrossen på Hauge og Kjetil H. Haalands hovudfagsoppgåve i historie *Steinkirker i Rogaland. Monumenter over fylkets aristokrati* (Haaland [1998] 2001). Sjølv om Haaland her tek føre seg steinkyrkjene i Rogaland, som gjerne kan vere yngre enn dei eldste trekyrkjene, stiller han spørsmål som til ein viss grad samsvarar med mine eigne. Haaland har studert bygging og plassering av steinkyrkjer frå mellomalderen i Rogaland og sett dette i forhold til storleik på gardar og eventuelle maktkonstellasjonar.

Stadnamngransking

Stadnamngranskinga, og særleg gardsnamnforskinga, har på ulike vis blitt brukt i forskning kring kristningsprosessen. Filologen Magnus Olsen hevda at ”ved hjelp av stedsnavne kan vi danne os en mening om hvilke guddomme fortrinsvis har været dyrket (...) i hedendommens sidste aarhundreder” (Olsen og Schetelig 1909: 25).

Magnus Olsen meinte at det fanst mange minne om førkristen gudedyrking i dei norske stadnamna, og at ein med utgangspunkt i desse kunne få kunnskap om organisert religionsutøving i den førkristne tida (Særheim 1987: 299). Etter hans syn indikerte til dømes gardsnamnet

Frøyland at guden Frøy vart tilbeden her i førkristen tid, eller at gardsnamn som inneheldt *hof* hadde vore sete for høvet i førkristen kultutøving (Olsen 1926: 228ff.). Andre namneforskarar, kanskje i fremste rekkje Eivind Vågslid, har avvist slike tolkingar og meiner at namna må forklarast utfrå landskap og personar.

Gardsnamna har også blitt nytta i forsøk på å kaste lys over ein gard si busetnads- og økonomiske historie. Gardsnamn kan saman med topografiske og økonomiske opplysningar gje indikasjonar på gardar sin alder, sosiale og politiske status i eldre tid (Andersen 1977: 19).

Det er hovudsakleg denne siste måten å bruke gardsnamna eg vil gjere meg nytte av, først og fremst ved å sjå på forholdet mellom namn på gardar, skipreider og sokn.

I kapitlet som følgjer skal eg ta føre meg dei teoretiske og metodiske tilnærmingane eg vil gjere meg nytte av i den vidare undersøkinga.

3 TEORETISK OG METODISK TILNÆRMING

Teoretisk tilnærming

For å kunne bruke materiell kultur i eit forsøk på å forstå fortida sine sosiale og kulturelle prosessar er det naudsynt å ha teoriar om kva førestillingar og handlingsmønster som kan ha blitt knytte til den materielle kulturen, og korleis han i sin tur kan ha verka inn på menneska. Den materielle kulturen, i denne undersøkinga kyrkjer og steinkrossar, må setjast inn i ein teoretisk kontekst – i ei vidare forståingsramme.

Stader og monument som middel for kommunikasjon – landskapet som kontekst

I denne oppgåva er det *staden* som dannar utgangspunkt for analysar og tolkingar. På staden er det blitt reist monument i form av kross og kyrkjebygg. Elementa stad, monument og samhandlinga dei imellom utgjer ein viktig del av den teoretiske tilnærminga i oppgåva.

Kyrkjer har ein primærfunksjon, som samlingsstad der religion vert forkynt og rituale utført. Eg vil likevel legge hovudvekta på den symbolske og kommunikative funksjonen som desse monumenta har. Bodskapen som kross og kyrkjer som monument formidlar, blir påverka, men berre delvis bestemt av primærfunksjonen.

Det latinske verbet som monument er avleidd frå tyder minne om, oppmode, rå til. Monument viser altså minst like mykje framover som bakover i tid. I samsvar med den opphavlege tydinga av ordet kommuniserer dei med omverda, med dei levande heller enn dei døde (Gren 1994: 92). Når ein gjenstand, til dømes eit monument, får symbolsk innhald, kan han brukast aktivt i sosiale strategiar (Hodder 1982: 86, 228). Å reise eit monument vil dermed kunne vere ein strategi for å kommunisere ein større bodskap (Gren 1994: 91).

Det norrøne samfunnet i vikingtid og mellomalder var ikkje eit fullskala skriftsamfunn, og monument som steinkrossar og kyrkjebygg kan ha blitt brukte som meiningsberande element i kyrkja si forkyning: Bodskapen vart materialisert (Gren 1994: 90) for at han skulle bli lettare forståeleg og gjennom det visuelle uttrykket påverke mottakarane.

Eit monument i seg sjølv er likevel ikkje tilstrekkeleg for å kommunisere ein bodskap. For å få bodskapen fram må monumentet vere plassert på ein slik måte at det ikkje kan unngå mottakaren si merksemd. Som tilskodarar gir vi gjenstanden meining ved å sjå det i relasjon til andre faktorar (Hodder *et al.* 2003: 163), til dømes staden ikring: i denne samanhengen ulike stader i ulike landskap på Jæren og i indre Ryfylke. Samspelet mellom monument og stad er viktig, då

monumentet kan framheve ein stad, skille han frå andre stader, fange inn mottakaren si interesse for staden og og dermed også for budskapen.

Å reise monument er å markere rådvelde (Carver 2001: 4). Stader i landskapet vert skilde ut som fysiske markørar av sendaren si evne til å halde på eksisterande makt og vilje til å utvide makta i eit hierarkisk samfunn. Når staden er skipa vert mottakaren permanent minna om sendaren si makt.

Dette er perspektiv som eg finn særleg relevante for undersøkinga kring kyrkjereisinga i Rogaland i mellomalderen.

Metodiske tilnærmingar

I det følgjande skal det i korte drag gjerast greie for dei metodane som eg vil bruke i tilnærminga til dei spørsmåla som vart stilte innleiingsvis.

Visuell landskapsanalyse

Grunnlaget for studiet av religionsskiftet er i denne framstillinga *staden* – stader i landskapet der religiøse rituale har gått føre seg i førkristen og kristen tid. Til desse knyter det seg spørsmål om kontinuitet eller brøt; tilknytning til ein sentralstad eller til ein gard; etablering på gamle samlingsplassar eller nye, maktutøving og grad av monumentalitet og synlegheit.

Ein av måtane å undersøkje desse aspekta er å analysere landskapet visuelt. Ei slik landskapsanalytisk tilnærming fordrar at ein fysisk går ut i landskapet og studerer dei aktuelle arkeologiske spora i ein landskapskontekst. Analysen går meir presist ut på å studere relasjonen mellom kyrkje- eller krosstad og gravhaugar frå eldre og yngre jernalder for å sjå korleis dei forhold seg til kvarandre. Kyrkja eller krossen si plassering med omsyn til om dei er lagde i tilknytning til eit einskilt gardstun eller på meir sentrale stader i bygda er særleg relevant. Eg vil også undersøke korleis kyrkjestadene forhold seg til gamle ferdslårer.

Med sikte på å få større klarleik i kvifor kyrkjene og krossen stod der dei stod, vil eg undersøkje kvar monumenta henvender seg og over kor store avstandar det er mogleg å sjå inn til og ut frå kyrkje- eller krosstaden. Har staden ei monumental eller snarare ei tilbaketrekt framtoning?

Landskapsanalyse baserer seg på visuell observasjon av landskapet, men i ein arkeologisk kontekst er det viktig å inkludere *tidsdjupna* i landskapet (Christensen 2003: 60). Det krev

mellom anna at ein ser bort frå nyare inngrep i landskapet til dømes utbygging av bustads- og næringsområde.

Christian Keller har teke utgangspunkt i landskapsarkitektoniske termer i eit forsøk på utarbeide ein metode for arkeologisk landskapsanalyse (Keller 1991/92), som seinare har vorte vidareutvikla i samarbeid med Terje Gansum og Gro Jerpåsen (Gansum *et al.* 1997). Slik dei har framstilt og utvikla metoden får han ein ”overbyggande profil”, der somme punkt ikkje vil vere relevante for denne framstillinga. Eg har difor, som vist over, gjort ei avgrensing med omsyn til omgrep og tilnærmingar som eg finn føremålstenlege for mi undersøking.

Visuell landskapsanalyse som metode i ein arkeologisk kontekst kan på somme punkt verke noko konstruert og til ein viss grad subjektivt fundert. Med utgangspunkt i klare og definerte mål for kva ein ønskjer å analysere, kan metoden likevel vere til stor nytte og vil verte nytta i min analyse av stadene.

Romleg analyse – retrospektiv bruk av gamle kart og framstilling av nye

For å vise forholdet mellom kyrkjestaden og heidenske gravhaugar og gravrøyser, gamle gardstun, vegar og sjø, har eg funne det føremålstenleg å framstille desse forholda gjennom kart. Her har eg nytta både moderne ØK-kart og eldre jordskiftekart, der desse finst. Jordskiftekart vart laga i samband med jordskifta – den storstilte omorganiseringa av jordbrukslandskapet i Noreg som for alvor tok til frå midten av 1800-talet (Gjerdåker 2002: 199ff.).

Før jordskifta var teigblanding karakteristisk for jordbrukslandskapet på Vestlandet. Arkeologar og historikarar meiner at denne eldre gardsskipnaden kan gå langt tilbake i tid (Lunden 2002: 359). Jordskiftekart kan difor gi eit detaljert bilete av drifts- og organiseringsformer før jordskiftet, og gje indikasjonar på eigedomsforhold og -strukturar i tidlegare tider (Hovstad 1981: 20). Det som likevel er den største vinninga ved å bruke slike kart er at gamletunet er teikna inn, noko som er viktig for å kunne seie om kyrkja eller krossen er reist i tilknytning til eit gamletun.

Å bruke desse opplysningane retrospektivt føreset ein viss kontinuitet i tunskipnaden, frå mellomalder og fram til utskiftinga, men for Sør-Vestlandet sin del peiker tunkontinuitet seg ut som vanleg der dette har vorte granska (Øye 2002: 286ff.). Jordskiftekart kan såleis nyttast til å identifisere slike gamletun og er difor eit viktig element i analysen.

No er det likevel ikkje slik at det finst jordskiftekart for alle gardane som har kyrkje i mine

undersøkingsområde. Der dette har vore tilfellet har eg mellom anna måtta bruke kjelder frå Statsarkivet i Stavanger som gir opplysningar om jordskifta og tunplassering. Lokale gardssoger kan somtid òg gi opplysningar om lokaliseringa av gamletunet (jf. Foldøy 1967).

I alle dei undersøkte områda er mange av dei førhistoriske gravminna idag fjerna. For Jæren sin del er mange gravminne likevel registrerte, då konservator Tor Helliesen ved Stavanger museum på byrjinga av 1900-talet gjorde registreringar og kartfesta mange av dei no fjerna gravminna (Helliesen 1906). Eg har også nytta meg av karta hans for å få eit meir dekkande bilete av gravminnesituasjonen i somme av undersøkingsområda på Jæren og har vidare teikna inn dei tapte gravminna på mine oversiktskart.

Reint praktisk er ØK- og jordskiftekart blitt scanna, slik at dei kan bli bearbeidde grafisk. Adobe Photoshop Elements 2.0 er brukt som program. I framstillinga av karta har ØK-karta danna "bakgrunnen" og utskiftingskarta er blitt lagde oppå desse. Dei har deretter blitt skalerte og tilpassa kvarandre. Vidare har ulike kulturminnetypar fått eigen symbol- og/eller fargekode, og vegar, elvar, fjordar og så bortetter er blitt merkte av. Pilene skal illustrere innsyn til eller utsyn frå kyrkje- eller krosstaden (sjå "Symbolnøkkel" nedanfor).

Retrospektiv metode og bruk av eldre skriftlege kjelder

I forsøket på å spore kven – det vil seie kva for gruppe i samfunnet – som kan ha reist kyrkje og kross er kunnskap om gardane sin tidlegare økonomiske status i bygdelaget viktig. Slike opplysningar er vanskelege å få tak i ut frå samtidskjelder frå mellomalderen, men eigedomskjelder frå tidleg nytid kan peike bakover i tid og avdekke tendensar i materialet.

Her gir opplysningar om ein gard si landskyld informasjon, dvs. leigeavgifta leiglendingen ytte til jordeigaren, i og med at landskylda var eit uttrykk for ein gard sin bruksverdi og økonomiske bereevne (Andressen [1980] 1991: 44). Her er skattematrikkelen frå 1647 den eldste bevarte skriftlege kjelda som gir eit samla oversyn over landskylda for gardane i alle skipreider.

Som eg har vore inne på tidlegare har eg også valt å bruke inndelinga i skipreider som ei avgrensing av undersøkingsområda. Sjølv om skipreideinndelinga opphøveleg var del av ei sjømiliter forsvarsordning (Bjørkvik 1999: 42ff.) er fordelten at ho syner områdeforhold slik dei var langt tilbake i tid. Omgrepet er å finne i Gulatingslova frå 900-talet (G 315) og ein reknar med at det var Håkon "den gode" Adalsteinsfostre (ca. 918-961) som fekk skipnaden lovfest (Robberstad 1969: 9). I saga om Håkon vert det fortalt at han sette ei lov for heile landet langs

sjøen og så langt opp i landet som det lengste laksen går.

Å bruke yngre skriftlege kjelder, i dette tilfellet skattematrikkelen 1647 og tilbakeføre opplysningane derifrå kan vere nyttig med omsyn til å studere gardar si økonomiske bereevne i mellomalderen og maktforhold: kor store var gardane, målt etter landskyld. Ein føresetnad for å kunne bruke matrikkelen retrospektivt er at det har vore stor grad av stabilitet i ein gard si produksjonsevne gjennom hundreåra. Det er likevel fleire problem knytte til bruken av ei langt yngre kjelde som grunnlag for å belyse tidlegare tiders økonomiske og eigedomsmessige forhold og han må difor nyttast med varsemd. Gardar har vakse ved nyrydjing og minka ved oppdeling; kyrkjegods vart konfiskert og jord omfordelt ved reformasjonen; ein gard kan ha hatt inntekter frå andre gardar, færre eller fleire, 500–600 år tidlegare. Metoden føreset også, slik som for bruk av jordskiftekart, at det har vore ein viss kontinuitet i agrarbusetnad, gardsstorleik og produksjonsevne frå tida då kross og kyrkjer vart reiste til skattematrikkelen vart nedskrivne. Dette kjem eg attende til i kapittel 5.

Studie av namn på gardar som har kross- eller kyrkjestad

Stadnamn, i hovudsak gardsnamn, kan kaste lys over ein gard sin alder og status. I den grad dei kan det i mine undersøkingsområde vil namna på dei gardane som har kyrkje og kross bli vurdert etter om dei har gjeve namn til einingar utanom garden, til dømes til bygda, skipreida, eller seinare soknet, dei ligg i.

Dateringar

Det er vanskeleg å datere stadene og tida for reising av kyrkjer. Ei tilnærming er å undersøkje kva tid den heidenske gravskikken med haug- og røyslegging tok slutt. Det vil kunne gje ei *terminus post quem*-datering, kva tid krossen eller kyrkja tidlegast kan ha blitt reist. Føresetnaden er at gravene er arkeologisk undersøkte og at gravgodset lar seg datere. Opplysningar om aktuelle graver i undersøkingsområda vil bli henta frå registreringar frå det Økonomiske kartverket. Her har gravminna stort sett ei svært grov dateringsramme, e.g. "bronsealder"/"jernalder". Det vil difor vere naudsynt å prøve å finne nærare dateringar av gravminna, der dette finst, ved å jamføre ØK-registreringane med dateringar som er gjorde i Topografisk arkiv og topografisk funnkatalog på Arkeologisk museum i Stavanger. I somme tilfelle, til dømes i Suldal, vil eg også bruke Arnvid Lillehammer sine dateringar av graver i Suldal med Sand (Lillehammer 1970).

På den andre sida kan *terminus ante quem*-dateringar, ut frå opplysningar i *Diplomatarium Norvegicum*, seie noko om kva tid kyrkja seinast har blitt reist. Metode for meir presise dateringar er vanskelege å finne – i dei aller fleste tilfella vil det stå att eit vidt tidsrom mellom ”tidlegast reist” og ”seinast reist”.

Kristine Gabrielsen har i oppgåva si om steinkrossane på Vestlandet prøvt å gi ei datering av desse, hovudsakleg ut frå form, innskrifter og bergart (Gabrielsen [2002] 2007). I det ho har hatt eit stort materiale å samanlikne ut frå, finn eg det høveleg å bruke hennar datering for krossen på Hauge.

4 KYRKJESTADENE I LANDSKAPET

I denne framstillinga søker eg mellom anna å sjå korleis religionsskiftet, uttrykt gjennom bygging av kyrkjer, har manifestert seg i ein vidare landskapsmessig kontekst, både den naturskapte og den kulturskapte – den fysiske ramma kring kyrkjene og krossen.

Ulike faktorar har lege som premiss for plassering av dei nye kultstadene, som busetnad, maktforhold, forholdet til førkristne gravminne, tilgjenge, visuell kommunikasjon og synlegheit. Korleis kjem desse faktorane til uttrykk i plasseringa av kross- og kyrkjestader?

Ulikt i den gamle kulten vart kristendommen sine kultstader sentraliserte i tydinga at dei vart lagde på tydeleg definerte og avgrensa stader i landskapet. Det skulle jamvel setjast gjerde om kyrkjestaden, står det i Gulatingslova (G 13). *Staden* vart meiningsberande som markør for ei gruppe sin identitet (Rindal & Steinsland 2001: 12).

Plasseringa av nye kristne kultstader har difor ikkje vore tilfeldig. Vart kross- og kyrkjestadene etablerte i relasjon til eldre rituelle stader, ved graver eller som utviding av eit gravfelt? Eller er det snarare slik at kyrkjene og krossen vart plasserte utan nokon relasjon til den gamle kulten og på det viset markerte eit brøt med heidendommen?

Vart dei nye kultstadene lagde nær kommunikasjonsmessige knutepunkt eller ved kjende samlingsplassar, som tingstader, eller vart dei oppførte på i denne samanhengen ny grunn? Kommunikasjonsforholda kring kross- og kyrkjestaden, altså gode ferdsleårarer eller fråvere av slike, og grad av sentral plassering vil kunne fortelje i kva mon ei kyrkje var meint å vere tilgjengeleg for folk i lokalsamfunnet.

Kyrkjebygginga som fann stad i samband med religionsskiftet kan også ha hatt andre aspekt knytt til seg og representert utøva og stadfesta makt. Eg vil difor sjå om kross- og kyrkjestadene vart plasserte nær tunet på gamle storgardar eller om plasseringa heller var uttrykk for eit bygdefellesskap.

Kyrkjer – og kross – skulle vere symbol for ein bakanforliggende bodskap, men vi må tenke oss at sjølve kyrkjebygga som vart reiste i den første tida var små trekyrkjer som gjerne ikkje skilde seg så mykje ut frå dei andre bygga på garden eller i bygda. I så fall måtte kan hende *staden* vere desto meir synleg og dominerande. Er kyrkjene og krossen plasserte på stader som har ein monumental karakter eller ligg dei på stader som er meir innovervende og vender seg til den næraste busetnaden – privatsfæren?


Den romlege plasseringa vil også vere viktig for kyrkjestadene si henvending til folk i












landskapet omkring og til ferdsle til lands og til sjøs. Korleis henvender stadene seg til busetnad og ferdsleveggar?

For å vise korleis kyrkjestadene har lege i ein landskapskontekst har eg laga kart som visualiserer dei ovannemnde forholda.

Også namna på gardane som kyrkjene og krossen ligg på, vil inngå i undersøkinga. Desse vil kunne seie noko om gardane sin alder og status i bygda.

Symbolnøkkel

I det ein skal sjå kyrkjestadene i forhold til landskapet rundt, vil symbola under bli brukte som markørar for dei ulike kategoriane. Sjølv *kyrkjestaden* blir markert med ein liggande kross  medan staden med *steinkross* er markert med ein ståande kross

 (jf. fig. 4.4). *Hus* og *gardstun* som er avmerkte på utskiftingskarta er farga med raudt, og gamletunet er markert med ein raud firkant . *Graver* som kan daterast til eldre jernalder blir markerte med lyseblå sirkel , medan yngre jernalders graver er mørklilla sirklar . Graver som berre kan daterast til jernalder er grønne sirklar . *Gravfelt* blir markerte med trekant , med same fargekode som nemnt ovanfor, avhengig av periode. Det vil her bli rekna som gravfelt når det er fem eller fleire graver i tett nærleik til kvarandre. Graver som i dag er fjerna, men markerte på karta teikna av Tor Helliesen, blir markerte med sirkel utan fyll,  *Vegfar*, slik dei er avmerkte på utskiftingskartet blir markerte som brun linje  og *elveløp* og *vatn* med blått  Svarte piler  markerer *utsyn* frå kyrkje- eller krosstaden, og tilsvarende kvite piler  syner *innsyn*.

Haug skipreide

I Haug er det éin kyrkjestad, Time, og ein stad med kross på garden Hauge. Hauge ligg sentralt til i skipreida, Time noko mindre sentralt (jf. fig. 1.2). Haug skipreide (*Haug's skipreiða*) er nemnd første gong i 1445 (*DN III*, 786) og har namn etter Hauge-garden (Steinnes 1974: 87; Særheim 1989: 217). I følge skattematrikkelen 1647 var her då 38 gardar.

Skipreida er forholdsvis lita i utstrekning og landskapet skifter mellom eit flatt slettelandskap i vest og eit knaus- og fjellandskap i aust, utan grense til havet i vest. Grensa til skipreida i nord, Klepp, går mellom anna langs Frøylandsvatnet, medan Gjestal ligg i aust og Haugland skipreide i sør. Haug ligg såleis sentralt plassert på Jæren (jf. fig. 1.1).

Time kyrkje

Gard: Øvre Time, gnr. 17, bnr. 19, Time kommune

ØK-kart: AK 017-5-2

Utskiftingskart: Jv.kat. Ro. 533, 1843, målestokk 1:2000

Anna kartmateriale: nei

Nemnt første gong: *Þyminæs kirkiu*, DN IV 650, 1395. Det er nemnt ein ”*præstr á Þimini*” DN IV 189, 1329.

Nedlagd eller flytta: Nei, ingen opplysningar som tilseier det.

Namn på kyrkjestaden og namnetolking: Time, gards- og seinare soknenamn. Þímin, samansett med *vin* (natureng), der føreleddet kan tyde ”våtlende”, i slekt med verbet *tine* (Særheim 2002: 118). Namnet ville såleis syne til dei store myrene som fanst kring garden (Rygh [1915] 1969: 142).

Lokalisering og topografi: Kyrkjestaden på Time ligg på eit høgdedrag nesten på grensa mellom to særeigne landskapstypar – eit hovudsakleg flatt morenelandskap og det noko stigande fjell- og knauslandskapet i aust på Høg-Jæren (jf. fig. 4.1). I nordvest, vest og sørvest skråar høgdedraget slakt nedover, medan det i aust og søraust er slakt stigande, på grensa til Njåfjella på høg-Jæren.



Fig. 4.1: Kyrkjestaden på Time (pil) sett mot søraust frå Tinghaug. Nede til venstre er Frøylandsvatnet.

(Foto: G. Tengedal, 2007)

Omkringliggjande kulturminne: Det er ingen gravminne i nær tilknytning til kyrkjestaden (jf. fig. 4.2). I aust-søraust og i sør er der fleire gravminne, både i form av gravhaugar og -røyser frå jernalderen. Mange har visuell kontakt med kyrkjestaden.

Kyrkjestaden i forhold til veg, elv/vatn, tun og tingplass: Bygdevegen går gjennom det gamle

tunet på Time, deler seg i to ved kyrkja og omkransar henne. Det gamle tunet ligg i 20–30 meters avstand vest for kyrkja. I nordvestleg retning ligg Frøylandsvatnet, i ein avstand på 1,9 km. Både på garden Hauge (sjå under) og Lye (Prestegarden) skal det ha vore tingplassar i gammal tid (Birkeli 1973: 140; Steinnes 1974: 87). Tingstaden på Hauge låg nordvest for Time kyrkjestad, med visuell kontakt stadene imellom. Lye låg om lag 10 km aust for kyrkjestaden, utan noko visuelt samband til denne.

Henvending: Kyrkjestaden henvender seg i så å seie alle retningar – det er godt utsyn stort sett over alt. Unnataket må vere eit noko innsnevra utsyn mot nordaust. Når ein tek omsyn til at Jæren var skoglaust i vikingtid (Hemdorff 2007, pers. medd.), må også innsynet ha vore særst godt. I nordvestleg retning ser ein til krosstaden på Hauge.

Vurdering av kyrkjestaden: Kyrkjestaden ligg i nær tilknytning til gardstunet på Time og må ha vore svært synleg i landskapet på grunn av den monumentale karakteren. Det er ingen gravminne i nær tilknytning til garden og kyrkjestaden. Sentrale samlingsplassar, som tingstadene på Hauge og Lye, låg både relativt langt borte. Når det gjeld kommunikasjonar går den gamle bygdevegen like ved kyrkjestaden. Det har vore mogleg å komme seg til kyrkja med båt på Frøylandsvatnet, trass i at avstanden frå vatnet til kyrkja er på nesten 2 km.




Fig.4.2: Oversiktskart over Time kyrkjestad. Målestokk:1:13500

(Kart: A. Skeiseid, 2007)

Symbolnøkkel: = kyrkjestad, = gamletunet, = gravminne (eldre jernalder), = gravminne (yngre jernalder), = gravminne (jernalder generelt), = gravfelt, = vegfar, = elv/vatn, = utsyn, = innsyn (her også i grått)

1: gravhaug, "Olshaug" – datert til eldre jernalder (folkevandringstid). Funn St 8635 a-dd:

a) tveegga sverd av jern i fl. stk. b) spydspiss av jern som Per Fett: Arms in Norway fig.37, c) spydspiss med mothakar. Fett: do fig.11, d) skjoldbule med kort pigg. Fett: do fig.58, e) fragment av 7-8 sylforma pilespissar av jern. Fett: 1.c. fig.49-50, f) våpenkniv av jern. R 146, g) bandforma fingerring av gull. Atypisk. R 299 ligg nærmast, h) lita, tynn gullplate, uregelmessig rund med skjoldbuleforma utviding på midten, i) rest av belte, bestående av spjellvevd band med fragment av bronsespenne R 268, ei bevart og restar av 7 forgylte sølvknappar, k) pinsett av bronse med bevart ring, R 165, l) fragmentarisk vestlandskjel av bronse, nærast Börte-type, m) glassbeger. Egger: *Der römische Import*: type 230, n) 2 cm breitt band av forgylt sølvblikk med stil I ornamentikk, o) spannforma leirkar. Bøe: keramikk fig. 318, p) krukke utan hank. Bøe: 1.c. fig. 169, q) fragment av trekar, r) ambolt av jern med tre horn, s) tang av jern. Minnar om Horst Ohlhaver: *Der germanische Schmied und sein Werkzeug*. Abb. 8, nr. 13608, t) liten hammar av jern med gjennomgåande jerntein i skaftet. Nærast Ohlhaver: 1.c. Abb 13, u) bogedrill av jern. Walter Bernt: *Altes Werkzeug*, Tafel 53, fig. 138, v) tråjern eller saumlodd med tange og restar av treskaft, w) stk. av likn. reiskap, x) liten meisel av jern, y) liten kniv av jern med tange og delvis bevart treskaft, z) eggfragment av to andre knivar, æ) jernsaks, R. 172, ø) grov fal av jern med open spalte, å) eldslagingsstein av kvartsitt, aa) bryne av kvartsitt, bb) bryne av sandstein, cc) nagler og andre jernfragment, dd) never og trerestar

Krosstaden på Hauge

Gard: Hauge, gnr.19, bnr. 9, Klepp kommune

ØK-kart: AK 018-5-1, AK 018-5-3

Utskiftingskart: Jv.kat. Ro. 241, 1863

Anna kartmateriale: Helliesen kart over gravminne ”i Kleps sogn, Jæderen”, 1906

Flytta: Nei, staden blir rekna som krossen sin primærkontekst (Gabrielsen [2002] 2007: 212).

Namn på krosstad og namnetolking: Hauge. Av gno. *haugr* (m), dativ *haugi* som har blitt til dagens Hauge (Rygh [1915] 1969: 129). Haugen som blir vist til kan vere Tinghaug, ei naturleg og særleg synleg høgd på garden. Skipreida har namn etter garden (Særheim 1989: 217).

Lokalisering og topografi: Krossen er plassert oppå ein gravhaug frå folkevandringstid, ca. 400 e. Kr. (jf. fig. 4.3). Gravhaugen har truleg vore 30 m i diameter og hatt ei høgd på 5-6 m (Magnus 1975: 135) og er plassert på ein dominerande plass i det elles låge Jær-landskapet – på Anda-Tu høgda. Haugen må ha fått namnet sitt, ”Krosshaug”, ein gong etter krossreisinga.




Fig. 4.3: Steinkrossen på Krosshaug, mot havet i vest.

(Foto: G. Tengedal, 2007)

Omkringliggende kulturminne: Rundt krosstaden er det svært mange fortidsminne, hovudsakleg i form av rund- og langhaugar frå jernalderen. Det ringforma tunanlegget ”Dysjane” ligg om lag 20 m aust for krosstaden. På garden er det gjort funn av gullgubbar (Olsen & Schetelig 1909: 19ff.; Steinsland 2005: 400) som gjerne blir daterte til yngre jernalder (Solberg 2003: 262).

Krosstaden i forhold til veg, elv, vatn, tun og tingplass: Krossen er reist i kort avstand til

gamletunet på Hauge. Tinghaug, som kan ha vore ein gamal tingstad (Steinnes 1974: 87; Gabrielsen [2002] 2007: 203), ligg om lag 100 m aust for Krosshaug.

Henvending: Krossen henvender seg så å seie i alle retningar, utanom mot aust der Tinghaug hindrar utsyn. Elles er det særst godt utsyn til store delar av Jæren og Høg-Jæren. Frå krosstaden ser ein kyrkjestaden på Time i søraust og kyrkjestaden på Klepp i nordvest. Desse tre kristne monumenta ligg nesten langs ein akse i landskapet.

Vurdering av krosstaden: Den korte avstanden til gamletunet kan tyde på at krossen er reist i tilknytning til det. Det er mange førkristne gravminne i nærleiken, som kan tyde på kultstadskontinuitet. På same tid er lokaliseringa nær eit ting teikn på ein sentral stad. Krossen vender seg utover gjennom plasseringa på ein monumental stad.




Fig 4.4: Oversiktskart over krosstaden på Hauge. Målestokk: 1:14900 (Kart: A. Skeiseid, 2007)

Symbolnøkkel: \perp = kross, \square = gamletunet, \bullet = gravminne (eldre jernalder), \bullet = gravminne (yngre jernalder), \bullet = gravminne (jernalder generelt), \triangle = gravfelt, \sim = vegfar, blå = elv/vatn, \leftarrow = utsyn, \rightarrow = innsyn (her i gult), \triangle = Tinghaug, \circ = gravminne frå Helliesen-kart

Fig. 4.4:

1: "Imrå" – gravhaug datert til folkevandringstid, 550 e.Kr. Funn: St 2452 a-r: a) tviægga sverd, b) spydspiss=Montelius 406, sl.pl.10, fig. 42-44 hos Fett, c) kastespydspiss m/ agnorar, nærast R.212, sl. Fett Pl.4 fig. 15, d) brotstykke av skjoldbule, e) jernkniv, f) ?, g) jernsaks, h) brotstykke av handtak til liten kniv el.liknande, i) jernstift, j) brotstykke av ein jamtjukk jernhank, k) same som j, l) brotstykke av brent spanforma leirkar, m) brotstykke av brent grafitihaldig leirkar, n) brotstykke av stort svart lakert leirkar, sannsynlegvis = R 369, o) stk. av bronsekjel, vestlandsform, p) bronsehank, q) liten betalingsring av gull, 4,6 gram, r) bergkrystall **2:** gravhaug datert til yngre jernalder. Funn: St 2453 a-r: a) tviægga sverd, b) jernøks, c) kastespydspiss, d) kniv, e) krumstyl, f) hammar av jern, g) kniv eller meisel av jern, h) to samanrusta jernstk, i) eit stk. jernbeslag, j) liten sigdkniv med treskaft, k) lite smalt jernbeslag, l) nagle med trerestar, m) eldstål= R426, n) flint, o) hengelås, p) hein med leirskifer, q) hein med hol i eine enden, r) rundboga leirkar. **3:** "Krosshaug" – gravhaug datert til folkevandringstid, slutten av det 5. hundreåret. Funn: B2269: hengekar av bronse, B2270 a-b: trespann med bronsebeslag, B2271: stor spenne av forgylt sølv, B2272: beger av grønt glas, B2273: spanforma leirkar, B2274: leirkar av type R 361, B2275: leirkar av type R 361, B2276: sølvklump, B2277: hekter av sølv, B2278: jernfragment, B2279 a-b: to identiske gjenstander av jern, B2280: skive av ubrent leire, B 2281: samme som forrige, B 2282: ?, B2288: ?, B2289: spinnehjul av ubrent leire, B2290: 4 bjørneklør, B2291: rester av eikeplanker, 2292 a og b: to fragment av fibula i sølv, B2294: rødbrun perle av glasfuss, B2295: liten bunt med hår og vevd tekstil, B2296: okerfarga jord, B2297: fragment av tange på vevskei av jern, B2299: skjoldforma smykke av gull (Magnus 1975: 32ff.) **4:** "Dysjane" – (16 hustufter –ringforma tun) og åtte gravhaugar daterte til eldre jernalder. Funn: B3323 **5:** "Revhusaug" to gravhaugar datert til folkevandringstid, 6. hundreåret. Funn: B4000 – spenne av forgylt sølv, bronsespenne, gullbrakteat og perler.

Samandrag – plassering i Haug skipreide

Båe stadene er plasserte i tilknytning til gamletunet på sine respektive gardar og ligg på høgdedrag i landskapet med ei monumental plassering, med godt innsyn og utsyn. Når det gjeld kringliggjande gravminne skil stadene seg ein del, i det det er ei rekkje gravminne ved krossen på Hauge, men berre ein på Time. Berre krosstaden på Hauge kan setjast i samband med ein gamal samlingsplass. Tilgjenget har vore godt, sjølv om verken Time eller Hauge er sentralstader.

Gardsnamnet Time har seinare også blitt soknenamn, medan Hauge har gjeve namn til skipreida Haug.

Klepp skipreide

I skipreida finst to kyrkjestader, Klepp og Bore. Kyrkjestaden på Bore ligg lengst nord i skipreida, medan Klepp kyrkjestad ligg noko meir midt i (jf. fig. 1.3). Klepp skipreide (*Klepps skipreiða*) er nemnd første gong i 1386 (*DN IV* 531 og 532). I skattematrikkelen frå 1647 er det nemnt 37 gardar her.

Skipreida er etter måten lita i utstrekning og strekkjer seg frå havet i vest og innover i landet mot Gand og Gjestal skipreider i nordaust og aust. I nord grensar ho til Sola og Jåttå skipreider og i sør til Haug og Haugland skipreider. Landskapet er i stor grad likt som i Haug, med flate marker og eit etter kvart stigande lågfjell-landskap i aust. Vest i skipreida ligg det nokså store vatnet Orrevatnet, og i aust Frøylandsvatnet. Saman med Haug utgjer denne skipreida det sentrale

Jæren.

Klepp kyrkje

Gard: Kleppe, gnr. 1, bnr. 126, Klepp kommune

ØK-kart: AK 018-5-1, AK 019-5-3

Utskiftingskart: Nei.

Anna kartmateriale: Helliesens kart over gravminne ”i Kleps sogn, Jæderen”, 1906

Nemnd første gong: *Klæps kirkiv, DN I 70*, udatert (ca. 1280)

Nedlagd eller flytta: Flytta. Den gamle kyrkjestaden på Kleppe skal ha lege 100 m nord for den noverande kyrkja, og det finst opplysningar om at det stod ei stavkyrkje her så seint som på 1600-talet (Særheim 1996: 24). Den nye kyrkja vart bygd på ny stad i 1846.

Namn på kyrkjestaden og namnetolking: Kleppe, namnet på garden, og Klepp, namnet på kyrkjestaden, skipreida, og soknet, av gno. *kleppr* (m) – klump eller klepp, her brukt om fjellknattar eller ei høgda. I denne samanhengen må denne høgda vere Kleppevarden som ligg like ved garden, og som ein reknar garden har namnet sitt etter (Rygh [1915] 1969: 125; Særheim 1989: 213).

Lokalisering og topografi: Den gamle kyrkja har lege på eit høgdedrag som slakar utover i vest. Bygda Kleppe har vakse fram nedanfor høgdedraget og kyrkjestaden, i aust og søraust.

Omkringliggande kulturminne: Kleppevarden ligg 230 m nordvest for den gamle kyrkjestaden. Dette er ein stor gravhaug frå eldre bronsealder (1800-1000 f.Kr.), som ruvar i landskapet, med ein omkrins på 35 m i diameter og ei høgda på 2 m.

I 1639 fortel Wegner at det fanst ein runestein med innrissa kross på Klepp kyrkjegard (Birkeli 1973: 106ff.). Steinen er føreslått datert til 1000-talet eller tidlegare (ibid.: 107 med referanse).

Kyrkjestaden i forhold til veg, elv, tun og tingplass: Gamletunet på Kleppe har lege om lag 100 m vest for kyrkjestaden. Det er inga farbar elv eller noko vatn i nærleiken av kyrkjestaden. Truleg har Tinghaug i sørvest vore næraste tingplass.

Henvending: Kyrkja har henvendt seg i alle retningar, i og med at ho har lege på eit særskilt markert høgdedrag i landskapet. Utsynet har vore særst godt mot aust, nordaust, sør og sørvest, men i nordvest har Kleppevarden hindra innsyn og utsyn. Mot sørvest kan ein sjå til krosstaden

på Hauge.

Vurdering av kyrkjestaden: Kyrkja låg ikkje langt frå gamletunet på Kleppe. Staden har ein monumental karakter med vidt utsyn i dei fleste retningar. Det finst ikkje graver nær kyrkjestaden og han er heller ikkje plassert nær ein tingstad.
















Fig.4. 5: Oversiktskart over Klepp kyrkjestad. Målestokk: 1:18900

(Kart: A. Skeiseid, 2007)

Symbolnøkkel:  = kyrkjestad,  = gamletun,  = gravminne (eldre jernalder),  = gravminne (yngre jernalder),  = gravminne (jernalder generelt),  = gravfelt,  = vegfar,  = elv/vatn,  = utsyn,  = innsyn,  = gravminne frå Helligesen-kart,  = Kleppevarden

1: gravhaug datert til keltartid (eldre jernalder). Funn St.8666 a-b: lite situlaforma leirkar av grovt gråbrunt steingods. **2 og 3:** "Tvihaugane", datert til vikingtid. Funn St5697: spydspiss av jern R532, økseblad av jern R561, kniv av jern og rest av kranium. **4:** gravhaug datert til bronsealder, 3.periode. Funn St1638: bronsekniv utan skaft R117.

Bore kyrkje

Gard: Vestre Bore, gnr. 44, bnr. 10, Klepp kommune

ØK-kart: AJ 019-5-4, AJ 019-5-2

Utsiftingskart: Jv.kat. Ro. 1236, 1920, målestokk 1:2000

Anna kartmateriale: Helligesen kart over gravminne i "Bore sogn, Jæderen", 1906

Nemnd første gong: Borðu sokn, DN III 132, 1322

Nedlagd eller flytta: Ja, den gamle kyrkja vart riven og i 1891 vart ny bygd 1,5 km.

nord aust for den gamle kyrkjestaden, på nabogarden Austre Bore.

På kyrkjegarden, som er gjerda (Sør-Reime 2003: 21) inne av ein kraftig steinmur, er der fem gravsteinar med runeinskrifter frå mellomalderen svake spor etter den gamle kyrkjetufta, som måler om lag 17x8 meter.

Namn på kyrkjestad og namnetolking: Bore, av gno. *Borða* (f), er eit gammalt gards- og bygdenamn. Seinare vart det også soknenamn. Det kan knytast til ein bakkerygg mellom Figgjoelva i nord aust og Orrevatnet i sør (Særheim 2002: 157), men det har også blitt tolka som brem, kant (Rygh [1915] 1969: 135). Namnet kunne sikte til den smale landstripa som skil Orrevatnet frå havet (ibid.: 135)

Lokalisering og topografi: Kyrkjegarden og den gamle Bore-kyrkja låg på eit lite høgdedrag, om lag 26 m over Bore-markene i nord vest og nord aust. Marka som kyrkja har lege på heiter heiter "Kyrkjeågeren" (Rønneseth 2001: 140). Figgjoelva ligg i nord aust. Om lag 2 km i luftlinje i vestleg retning er havet. Som også namnet kan fortelje, ligg ho på ei slakt stigande høgde over dei store markene på Sele og Bore i nord (jf. fig. 4.6).



Fig. 4.6: Kyrkjestaden på Bore, inni treklynga til venstre for huset (gamletunet). Biletet er teke mot søraust (Foto: A. Skeiseid, 2007)

Omkringliggande kulturminne: Ein gravhaug, datert til yngre jernalder, ligg like ved kyrkjegardsmuren i sør. Der er to rundhaugar frå jernalder i søraust, på garden Austre Bore, som har visuell kontakt med den gamle kyrkjestaden på Vestre Bore. Det har også vore fleire

gravhaugar frå jernalder sør for kyrkjestaden på Vestre Bore.

Kyrkjestaden i forhold til veg, elv, tun og tingplass: Kyrkjestaden ligg like aust for eitt av dei to gamle tuna på Bore. Bygdevegen går omlag 30 m sør for kyrkjestaden. Orrevatnet ligg om lag 1,2 km sørvest for kyrkjestaden.

Henvending: Kyrkjestaden er svært godt markert i terrenget, særleg sett frå nord, nordvest og nordaust. Utsynet er også godt mot desse retningane, og staden henvender seg som i ei slags vifteform til landskapet rundt. I søraust er det mogleg å sjå til Kleppevarden på Kleppe.

Vurdering av kyrkjestaden: Kyrkjestaden ligg i tilknytning til tunet på Bore-garden. Staden har ein monumental karakter, med både godt inn- og utsyn. Det er mange gravminne rundt om på garden og ein haug tett inntil kyrkjegardsmuren.

Samandrag – kyrkjestadene si plassering i Klepp skipreide

Både kyrkjestadene ligg i tilknytning til gamletunet på gardane og har ei monumental plassering i sine landskap. Kyrkjestaden på Kleppe henvender seg så å seie i alle retningar noko som også gjev godt innsyn. Bore henvender seg også til eit større område ikring, i størst grad mot områda i nord. Når det gjeld tilgjenge verkar kyrkjestaden på Bore noko lettare tilgjengeleg enn på Kleppe, då Bore ligg i nærleik til ein gamal bygdeveg og i rimeleg nærleik til Orrevatnet i sør. Bore kyrkjestad har ut frå det vi idag har av kartmateriale og andre opplysningar betydeleg fleire gravminne ved og rundt kyrkjestaden enn det som er registrert ved kyrkjestaden på Kleppe.

Gardsnamnet Kleppe er også namn på ei bygd og har gjeve namn til skipreida og soknet Klepp. Gardsnamnet Bore gav namn til soknet.





Fig.4.7: Oversiktskart over Bore kyrkjestad. Målestokk: 1:10000 (Kart: A. Skeiseid,2007)

Symbolnøkkel: — = kyrkjestad, □ = gamletun, ● = gravminne (eldre jernalder), ● = gravminne (yngre jernalder), ● = gravminne (jernalder generelt), △ = gravfelt, ~ = vegfar,  = elv/vatn, ← = utsyn, → = innsyn, ○ = gravminne frå Heliiesen-kart

1: Gravhaug datert til yngre jernalder – vikingtid. Funn: St. 7129: Irsk beslag av bronse, stk. av oval bronsespenne, armband av bronse.

Samla oppsummering – kyrkjestadene si plassering i ytre strok

Sett under eitt er det altså fleire likskapstrekk når det gjeld plasseringa i dei ytre stroka: med tilknytning til gamletun og monumentale plasseringar på høgdedrag med godt innsyn og vidt utsyn. Skilnadene viser seg likevel å vere noko markerte når det gjeld gravminna – to kyrkjestader, Time og Klepp har ingen gravminne i nærleiken, medan det på Bore og Hauge er mange gravminne ved og rundt kyrkjestad og kross. Det er berre krosstaden som kan knytast til ein gammal samlingsstad – tingstaden ved Tinghaug.

Time, Hauge og Bore har ei god plassering med tanke på tilgjenge. Ut frå tilgjengeleg kartmateriale er det vanskeleg å seie noko om gamle vegsamband til Kleppe. Gardsnamna Hauge og Kleppe har gjeve namn til sine respektive skipreide. Seinare vart Klepp også soknenamn, tilliks med Time og Bore.

Jelsa skipreide

I skipreida finst to kyrkjestader, Jelsa og Sand.² Båe har ei sentral plassering, men i ulike delar av skipreida (jf. fig. 1.4). Jelsa skipreide (*Jalsa skipreiða*) er første gong nemnd i 1361 (*DN IV 421*). I skattematrikkelen 1647 er her nemnt 95 gardar, og skipreida femnde om nesten heile Ropeidhalvøya, Erfjord, Sand og somme gardar på øya Ombo. Ho er om lag tre gonger så stor i utstrekning som kvar av dei to ovannemnde skipreidene på Jæren.

Landskapet er meir variert her enn det er på Jæren, med eit vekslande fjord-, skog-, og fjellandskap. I nordaust er grensa til Suldal skipreide, i nord til Sauda og Vikedal skipreider, i vest og sørvest til Leiranger og Sjernarøy skipreider og i sør til Hjelmeland skipreide.

Jelsa kyrkje

Gard: Prestegarden (Berg), gnr. 139, bnr. 64, Suldal kommune

ØK-kart: AN 031-5-2, AN 032-5-4

Utskiftingskart: Nei

Anna kartmateriale: Nei

²Erfjord kyrkje og Marvik kapell ligg også innanfor det som var grensene til Jelsa skipreide. Men desse vart reiste i høvesvis 1877 (Drange 2004: 20) og 1920.

Nemnd første gong: Jalsa kirkiv, DN I 70, udatert (ca. 1280)

Nedlagd eller flytta: Nei, det finst ingen kjelder som tilseier det.

Namn på kyrkjestad og namnetolking: Jalsa av gno. Jalsi (m), genitiv Jalsa. Jalsa er namnet både på ein gard, ei bygd, skipreida og seinare soknet. Namnet har vore vanskeleg å tolke og mange tydingar er vortne sette fram. Namnet er tolka til dømes som "tilhaldsstad for skrikande sjøfuglar" (Sandnes og Stemshaug 1997: 242) eller "uroleg sjø". Dette siste vil opphavelig vere knytt til fjorden utanfor, Jelsafjorden (Særheim 2002: 31, 68).

Lokalisering og topografi: Kyrkjestaden ligg sentralt til i bygda. Om lag 30 m mot vest er fjorden. Mot aust er det stort sett eit flatt sletteterreng, med stigningar lengst i aust (jf. fig. 4.9).



Fig.4.8: Jalsa kyrkjestad, mot sørvest. Heilt til høgre, bak nokre trær, kan ein skimte noko av taket (grått) på ein driftsbygning på garden Jelsa. (Foto: G. Tengedal, 2007)

Omkringliggjande kulturminne: På sletta ved kyrkja har det så seint som fram til midten av 1800-talet lege nokre gravhaugar. Det skal også ha stått ein stor haug nær kyrkja (Foldøy 1967: 517 med referanse; Næss 1970, Top.Ark, AmS). Det er idag ingen synlege fornminne ved og rundt kyrkjestaden.

Kyrkjestaden i forhold til veg, elv/vatn, tun og tingplass: Kyrkjestaden ligg som nemnt nær sjøen. Det gamle tunet på grannegarden til Prestegarden, Jelsa, ligg om lag 400 m mot nordaust, prestegardstunet enda lenger vekke. Asgaut Steinnes har sannsynleggjort at Hebnes kan ha vore

møtestad for fjordungstinget³ i det nordaustlege området nord for Boknafjorden (Helle 2001: 77 med referanse). Helle går ikkje mot dette, men understrekar at vi i praksis ikkje høyrer om noko fjordungsting på denne staden (ibid.: 77). Hebnes og Jelsa har visuell kontakt, men dei er skilde av fjorden.

Henvending: Kyrkjestaden henvender seg hovudsakleg til fjorden i vest, men også mot det stigande terrenget i aust. Det er eit flatt, men etter kvart stigande englandskap bakom kyrkja, i aust og nordaust, som gjev godt innsyn ned mot kyrkja og fjorden i vest (jf. fig. 4.9).

Vurdering av kyrkjestaden: Kyrkjestaden på Jelsa ligg sentralt til i bygda, nær hovudfartsåra – fjorden – og langt frå eitt einskilt gardstun. Staden ligg også sentralt i skipreida, for den sør- og sørvestlege delen av denne. Kommunikasjonane til og frå kyrkjestaden er gode. Det skal ha vore førkristne gravminne inne på kyrkjegarden, noko som indikerer kultstadskontinuitet.

³Den andre staden var Avaldsnes ved Karmsundet (Helle 2001:77)














Fig. 4.9: Oversiktskart over Jelsa kyrkjestad. Målestokk: 1:18000

(Kart: A. Skeiseid, 2007)

Symbolnøkkel:  = kyrkjestad,  = gamletun,  = gravminne (eldre jernalder),  = gravminne (yngre jernalder),  = gravminne (jernalder generelt),  = gravfelt,  = vegfar,  = elv/vatn,  = utsyn,  = innsyn (her også i gult)

Sand kyrkje

Gard: Sand, gnr. 103, bnr.185, Suldal kommune

ØK-kart: AP 035-5-4

Utskiftingskart: Jv.kat. Ro. 33 (innmark), 1860, målestokk 1:2000

Anna kartmateriale: Nei.

Nemnd første gong: Sanskirkiu, DN II 35, 1295

Nemnt første gong som sokn i 1283 (*parochia de Sand*), DN II, 21

Nedlagd eller flytta: Den gamle kyrkja vart riven i 1852. Ny kyrkje vart bygd om lag 25 m sørvest for der den gamle stod. Den gamle kyrkja stod på den vestlege delen av "Kyrkjehauen" (Foldøy 1981: 232), der kyrkjegarden framleis er.

Namn på kyrkjestad og namnetolking: Sand. Gards- og bygdenamnet, og seinare soknenamnet, Sand er gno. ubunden form av ordet *sandr* (m) og viser til ei sandstrekning eller ein sandmo (Sandnes og Stemshaug 1997: 381).

Lokalisering og topografi: I mellomalderen låg kyrkja på Sand oppå ein morenehaug, om lag 25 m høgare enn den noverande kyrkja. I vest er Sandsfjorden og Ropeidhalvøya. I søraust og sør er Suldalslågen som her renn ut i Sandsfjorden.




Fig. 4.10: Sand kyrkjestad mot søraust. Pila til høgre viser kor den gamle kyrkja låg, på "Kyrkjehauen". Pila til venstre viser kor gamletunet på Sandsgarden har lege. (Foto henta frå Drange 2000:10-11).

Omkringliggande kulturminne: Det er idag ikkje registrert nokon gravhaugar eller gravrøyser i tilknytning til kyrkjestaden, men tre flatmarksgraver daterte til jernalder og yngre jernalder finst i sørvest og nordaust.

Kyrkjestaden i forhold til veg, elv/vatn, tun og tingplass: Det gamle tunet på Sandsgarden skal ha lege like nedanfor den gamle kyrkjestaden (jf. fig. 4.10 og 4.13). Ifølge utskiftingskartet gjekk den gamle bygdevegen 20 m nordanfor kyrkjestaden. Etter gammalt var Sand også tingplass

(Drange 2000: 9).

Henvending: Kyrkja henvender seg særleg mot Sandsfjorden og Ropeid i vest og nordvest (jf. fig. 4.12). Mellomalderkyrkja har hatt ei sær s spesiell plassering i det ho har vore reist på eit markant høgdedrag, sett i forhold til resten av landskapet, om lag 20 m over resten av den næraste busetnaden. Dette gjev både godt innsyn til og vidt utsyn frå kyrkjestaden. Likevel er ikkje kyrkja plassert så synleg med omsyn til fjernverknad, noko som har samanheng med det dalliknadne landskapet og at Sand ligg i ei vik.



Fig. 4.11: Utsyn frå den gamle kyrkjestaden på Sand. Biletet er teke mot nordvest (Foto: A. Skeiseid, 2007)

Vurdering av kyrkjestaden: Den gamle kyrkjestaden låg i tilknytning til tunet på garden, på ein stad av sær monumental karakter. Det er registrert tre flatmarksgraver på garden, to daterte til vikingtid, noko som tyder på kultstadskontinuitet. Kyrkjestaden ligg nær fjorden, men er likevel ikkje knytt til denne.




Fig. 4.12: Oversiktskart over Sand kyrkjestad. Målestokk: 1:12000 (Kart: A. Skeiseid, 2007).

Symbolnøkkel: = kyrkjestad, = gamletun, = gravminne (eldre jernalder), = gravminne (yngre jernalder), = gravminne (jernalder generelt), = gravfelt, = vegfar, = elv/vatn, = utsyn, = innsyn

1: flatmarksgrav, datert til yngre jernalder – vikingtid. Funn på staden S6801 a-b: stykke av tveigga sverd frå det 10.hundreåret (Lillehammer 1970: 78) 2: flatmarksgrav, datert til jernalder. 3: flatmarksgrav, datert til yngre jernalder – vikingtid. Funn på staden S8960 a-i: kar av kleberstein, jernsaks, sigd, spinnehjul, brende bein (ibid.: 78).

Samandrag – kyrkjestadene si plassering i Jelsa skipreide

Kyrkjestaden på Sand ligg i tilknytning til gamletunet på garden. Jelsa kyrkjestad har ei meir sentral plassering i bygda, nede ved fjorden. Båe stadene har monumentale plasseringar, men på noko ulikt vis: Medan Sandskyrkja etter gammalt har lege oppå ei markant høgde, låg Jelsakyrkja på eit lågare nivå enn resten av den gamle busetnaden. Denne kyrkjestaden har i størst grad vendt seg til fjorden, og såleis hatt ein monumentalverknad utover dit. Når det gjeld gravminne er det ikkje mange slike på nokon av stadene. På Jelsa kyrkjestad skal det ha stått ein gravhaug inne på kyrkjegarden.

Gardsnamnet Jelsa er også namn på ei bygd, ei skipreide og eit sokn. Kyrkjestaden ligg på Prestegarden. Gardsnamnet Sand er òg bygde- og soknenamn.

Suldal skipreide

I Suldal skipreide er det ein kyrkjestad frå mellomalderen, Vinjar, som ligg etter måten sentralt til i skipreida.⁴ Skipreida (*Súladals skipreiða*) er nemnd første gong i brev i 1402 (*DN XVI*, 44) og 68 gardar er nemnde i skattematrikkelen i 1647.

Tilliks med Jelsa skipreide er også Suldal stort i utstrekning. Sjølve Suldalen er den lengste dalen i Ryfylke (Tjomsland 2004: 324) og strekker seg nesten 4,5 mil innover frå garden Foss i sørvest til fjellovergangane mot Telemark i nordaust og Setesdalen. I nord grensar Suldal til Sauda (Yksfjord) skipreide, i sørvest mot Jelsa og i sør mot Hjelmeland skipreide.

Landskapet består av høg fjell og hei, med gardar spreidde i dalstroka og langs det store Suldalsvatnet (jf. fig.1.5). Suldal skipreide grensar i nordvest til Hylsfjorden, ein arm av Sandsfjorden.

Vinjar kyrkje

Gard: Vinjar (Prestegarden), gnr. 27, bnr.1, Suldal kommune

ØK-kart: AR 035-5-2, AS 035-5-1, AR 035-5-4, AS 035-5-3

Utsiftingskart: Nei

Anna kartmateriale: Nei

Nemnd første gong: kirkjan á Vinju i Súladal, *DN IV*, 764, 1407. Nemnd første gong som sokn i 1319 (*Viniusokn i Suladale, DN IV*, 129)

Nedlagd eller flytta: Ingen opplysningar som tilseier det.

Namn på kyrkjestad og tyding: Vinjar. Gardsnamn og seinare soknenamn og er usamansett pl. av –*vin* som tyder naturleg eng (Olsen 1926: 178, 182; Sandnes og Stemshaug 1997: 495). Oluf Rygh gjer merksam på at i dei historiske dokumenta der Vinjar er omtala, er namnet oftast skrivne i eintallsform, som Vinju (Rygh [1915] 1969: 369). M. Olsen peika på at desse usamansette vingardane ofte ligg sentralt i bygdene (Olsen 1926: 195).

Lokalisering og topografi: Kyrkjestaden er plassert i vestre del av ein morenerygg, på ein

⁴Nesflaten kapell ligg inst inne i dalen i den nordaustlege enden av Suldalsvatnet, men dette kapellet, som er ei langkyrkje i tre, vart først bygd i 1853 (Bakka og Eikeland 2002). Vinjar kyrkje var såleis kyrkjestad også for folk her.

plass der Suldalen breier seg ut som ei vid og open slette (jf. fig. 4.14). Kyrkja ligg ikkje høgare enn resten av busetnaden på sletta. Om lag 200 m nord for kyrkja reiser Vinjanuten (ca. 1100 m.o.h.) seg og dannar ein slags vegg. I aust, mot gardane Hoftun og Fisketjørn, er der store flate marker og eit ope landskap. Omlag 1,3 km aust for kyrkjestaden ligg osen der Suldalsvatnet renn ut i Suldalslågen.



Fig.4.13: Vinjar kyrkjestad og landskapet rundt sett frå Tingabrekk mot sør. (Foto:A. Skeiseid, 2007)

Omkringliggende kulturminne: Like ved kyrkjestaden skal det ha stått to gravhaugar frå jernalderen utan nærare dateringar (Lillehammer 1982, Top.Ark. AmS). Tidlegare skal det ha lege ein god del fleire gravhaugar av ulik form og storleik på sletta der prestegarden ligg (Kraft 1845: 438). Det er kan hende frå desse haugane mange av gravfunna daterte til yngre jernalder kjem.⁵ På nabogarden Hoftun (gnr. 29) er der fleire gravhaugar, somme daterte til eldre jernalder. Innanfor ein distanse mellom 500 m–1 km aust for kyrkjestaden har der vore eit større gravfelt med gravrøyser og gravhaugar (Egenæs Lund 1938: Top.Ark.).

Også på Fisketjørn (gnr. 30) er der fleire gravhaugar frå jernalderen. På gardane Sørestad (gnr. 26) i sør er det i underkant av 20 gravhaugar og Stråpa (gnr. 31) i søraust ligg det fleire gravhaugar, to daterte til vikingtid. Alle har, utanom dei på Stråpa, visuell kontakt med

⁵Desse har det ikkje lukkast meg å få kartfesta, då det ikkje finst skriftleg materiale som skildrar kor desse har lege

kyrkjestaden på Vinjar.

Kyrkjestaden i forhold til veg, elv/vatn, tun og tingplass: 300 m sør for kyrkjestaden renn Suldalslågen og vegen gjennom bygda går omlag 50 m sør frå kyrkja. Suldalsvatnet ligg 1,3 km. søraust for kyrkjestaden. Tunet på Vinjar (Prestegarden) ligg ca. 75 m nordvest for kyrkjestaden, med eit nokså stort dalsøkk i mellom. Rett ved kyrkjegardsmuren i aust, går gardsvegen som fører opp til Hoftun og Vinjar. Om lag 160 m nord for kyrkjestaden, på grannegarden Hoftun, ligg Tingabrekk der tradisjonen seier at gudehovet og tingstaden låg i heidensk tid. Ein stein ved haugen på Tingabrekk vert kalla "Offersteinen" og like ved er "Barnur", der segna seier at uønskte eller "uekte" barn vart sette ut (Røthe 1984, Top.Ark, AmS).

Henvending: Det er godt innsyn til kyrkjestaden frå aust og sør og relativt bra frå vest. Utsyn frå kyrkjestaden mot vest er noko hindra av ein ås, Preståsen. Elles er utsynet godt over det flate landskapet.

Vurdering av kyrkjestaden: Kyrkjestaden er ikkje plassert i tilknytning til noko tun, då det ligg eit markert dalsøkk mellom. Ho ligg sentralt til i bygda nær ein tingstad og forholdsvis sentralt i skipreida. Folk som budde lengst inne i dalen, kan ha kome seg til kyrkja med båt på Suldalsvatnet. Kyrkja ligg nær det som truleg har vore den gamle bygdevegen (idag Rv.13). Nokre gravminne har lege tett ved kyrkjegardsmuren, som indikerer kultstadskontinuitet, og elles har det vore mange gravminne på garden.




Fig. 4.14: Oversiktskart over Vinjar kyrkjestad. Målestokk: 1:16000 (Kart: A. Skeiseid, 2007).

Symbolnøkkel: = kyrkjestad, = gardstun, = gravminne (eldre jernalder), = gravminne (yngre jernalder), = gravminne (jernalder generelt), = gravfelt, = vegfar, = elv/vatn, = utsyn, = innsyn (her i gult)

1: to gravrøyser (fjerna), datering eldre jernalder – folkevandringstid. Funn: St.8203 a-b – skår av leirkar R361. 2: gravhaug (fjerna), datering yngre jernalder (vikingtid). Tidlegare funn på garden St. 3026: to ovale brystnåler av forgylt bronse (Lillehammer 1970: 84). 3: gravhaug (fjerna), datering yngre jernalder (vikingtid). Funn: St 8435 a-q – mellom anna tviægga sverd, økseblad av jern, skjoldbule, pilespissar, bissel, sigdblåd, hamrar, fil, kniv, spissar, nøkkel, hengsle, beslagplate og andre fragment av jern (ibid.: 84).

For Vinjars del er også funna C 5234-35 & C 6844: Haug med spydspiss, beisel øks av jern, (bortkome sverd), St. 1451: haug med sverd, spyd, øks, beisel, jernkniv og tre skår leirkar, St. 4163: flatmarksgrav med svaer, øks, to ringar, knivblad av jern og ravperle. Alle daterte til vikingtid (Lillehammer 1970: 83). Desse har eg som nemnt ikkje greidd å kartfeste.

Samandrag – kyrkjestaden si plassering i Suldal skipreide

Kyrkjestaden ligg eit stykke frå tunet, samstundes som han har ei sentral plassering. Han ligg ikkje på nokon særleg markert stad i landskapet, men det flate slettelandskapet ikring gjer at kyrkjestaden likevel har hatt ei synleg plassering. Nærleik til veg og vatn har gjort tilgjenget lettare. Både ved og rundt kyrkjestaden har det vore mange gravminne med visuell kontakt. I

følge tradisjonen skal den gamle tingstaden, Tingabrekk, ha lege på nabogarden og såleis ikkje langt ifrå kyrkjestaden.

Gardsnamnet Vinjar har gjeve namn til soknet.

Samla oppsummering – kyrkjestadene si plassering i indre strøk

Sett under eitt skil kyrkjestadene seg noko frå kvarandre. Berre ein kyrkjestad ligg i nær tilknytning til eit gamletun, medan dei to andre ligg meir sentralt til i sine respektive bygder og skipreider. Kyrkjestaden på Sand har ei monumental plassering og alle kyrkjestadene har godt innsyn og vidt utsyn.

Alle kyrkjestadene har visuell kontakt med heidenske gravminne. Når det gjeld gamle samlingstader i form av tingplasser har alle kyrkjestadene i større eller mindre grad ei slik tilknytning.

Gardsnamnet Jelsa har gjeve namn til større einingar utanom garden: til bygda, skipreida og soknet. Sand er både bygde- og soknenamn. Gardsnamnet Vinjar gav namn til soknet.

Samla vurdering

Plasseringa nær eit gardstun viser seg å vere vanleg blant dei undersøkte stadene på Jæren. Her synest alle kyrkjestadene og krosstaden å ligge i tilknytning til tunet på garden. Også i indre strok ligg ei kyrkje, Sand, i tilknytning til gamletunet på garden. Kyrkjestadene på Jelsa og Vinjar har ei meir sentral plassering både i bygdelaget og i skipreida.

På Jæren er det berre krosstaden som har tilknytning til ein tingplass, og desse stadene ligg som vi har sett svært nær einannan. Når det gjeld tingplasser peikar kyrkjestadene Sand og Vinjar seg ut. På Vinjar skal tingplassen ha lege på nabogarden, berre 150 meter frå kyrkja.

Når det gjeld kommunikasjonar og tilgjenge kjem det til syne til dels store ulikskapar mellom dei ytre strøka og delar av dei indre strøka. Jelsa ligg nært knytt til fjorden, også Sand ligg til fjorden, men kyrkjestaden er trekt noko tilbake, oppå ein markert haug. Dei undersøkte stadene på Jæren i det store og heile i liten grad er knytte til elv, vatn eller hav. Her har truleg ferdsla til lands vore det primære.

Alle dei undersøkte stadene ligg på gardar som har gravminne frå jernalder innanfor sine grenser, men det er stor variasjon i avstanden mellom gravminne og kyrkjestad. Biletet er heller ikkje eintydig, verken i indre eller ytre strok. På Bore og Vinjar har det stått gravhaugar inntil

kyrkjegardsmuren, på utsida. På Jelsa har det stått ein gravhaug inne på sjølve kyrkjegarden. Også på Hauge ligg eit stort tal gravminne rundt krossen.

Bore og Sand og Vinjar kyrkjestader ligg på gardar som har gravminne daterte til yngre jernalder.

Kyrkjestadene på Time, Klepp, Bore og Sand, i tillegg til krosstaden, ligg på stader med ein monumental karakter – på høgder eller høgdedrag i landskapet. Dei viser seg å vere svært synlege i landskapet. På Jæren vender dei monumentale stadene seg til eit stort område rundt, medan kyrkjestaden på Sand har ein meir avgrensa henvendingsradius grunna den lokale topografien, med fjell i kring. Også kyrkjestaden på Jelsa er svært synleg plassert ved sjøen, men denne staden har ikkje den same monumentale verknaden. Vinjar ligg svært synleg på ei flat slette.

Alle kyrkjestadene, utanom på Jelsa, ligg på gardar med same namn som kyrkjestaden. Fleire av gardane med kyrkje og kross har gjeve namn til einingar utanom garden: til bygda og soknet, Jelsa, Kleppe og Hauge til skipreidene.

I det følgjande kapitlet skal eg på bakgrunn av denne analysen undersøke den økonomiske statusen til dei gardane som har hatt kyrkje og kross. Kan det kaste lys over kven som reiste kross og bygde kyrkje?

5 GARDAR MED KYRKJE OG DEIRA ØKONOMISKE BASIS

Eitt av spørsmåla som vart stilt innleiingsvis var kven – kva gruppe – som kan ha reist kyrkje og kross. Som nemnt peikar Gulatingslova ut to hovudgrupper av kyrkjebyggjarar: einskildmenn eller menn som gjekk saman og fekk reist kyrkje. Sogene nemner også kongen som kyrkjebyggjar og krossreisar, og at kongsmakta dessutan kan ha gjeve jord til lokale kyrkjer.

Kostnadene ved å bygge kyrkje og halde ho oppe må ha vore etter måten store. Somme av kyrkjene var likevel relativt små bygningar i tre i den første fasen, som dei små stavkyrkjene Høre og Haltdalen (Anker 1996: 112, 268), omtrent på line med andre gardshus. Men i tillegg til sjølve bygget trongst det tomt til kyrkje og kyrkjegard og presten skulle ha underhald. Dei som i lova blir refererte til som einskildmenn må difor ha sete på gardar som hadde relativt sterk økonomisk bereevne eller også ha hatt annan eigedom.

I dette kapitlet skal eg undersøke økonomisk status for dei gardane der det vart reist kyrkje og kross og jamføre dei med andre gardar i sine respektive skipreider, for å sjå om dei skilde seg ut i storleik frå andre gardar i sine respektive bygder. Her må ein ha in mente at gardane kan ha omfatta underliggjande gods tidlegare, og at dei yngre kjeldene ikkje alltid fangar inn slike tilhøve. Eg vil difor også ta eit utblikk på eigedomstilhøva, så langt kjeldene rekk.

Resultata herfrå vil i det neste kapitlet bli haldne saman med funna frå kapittel 4 i eit forsøk på å finne ut om det var einskilde bønder, eit bygdefellesskap eller andre som var initiativtakarar då dei første kyrkjene vart bygde og som slik fremja kristendommen. Har situasjonen vore den same eller ein annan på Jæren og i indre Ryfylke med omsyn til kven som har gått i brodden for kyrkje- og krossreising?

Det finst ikkje samtidsopplysningar frå mellomalderen om gardane si økonomiske bereevne, og vi må difor nærme oss dette spørsmålet retrospektivt ut frå yngre kjelder, i første rekkje skattematrikkelen frå 1647. Her vart norske gardar takserte etter kor stor *landskyld* dei hadde – ut frå kor stor årleg leige ein leiglending skulle betale til jordeigaren. Sidan landskylda stod i eit visst høve til storleiken på garden målt etter produktivitet, vart landskylda etter kvart ”ein hendig målestav for garden i forhold til andre gardar” (Marthinsen [1980] 1991: 11).

Det er dette relative forholdet mellom gardar eg ønskjer å belyse her, for å sjå om gardar som har kyrkje og kross peiker seg ut i høve til andre gardar i skipreida. Ein føresetnad for å kunne bruke matrikkelen retrospektivt er, som nemnt under metodedelen i kapittel 3, at det har vore stor grad av stabilitet i ein gard si produsjonsevne gjennom hundreåra. At det faktisk *er* ein slik

stabilitet og kontinuitet er noko forskarar peikar på som overraskande vanleg (Bjørkvik 1995: 62ff.; Lunden 2002: 359).

Som eg var inne på i metodedelen er det likevel fleire problem knytte til bruken av ei langt yngre kjelde som grunnlag for tidlegare tiders økonomiske og eigedomsmessige forhold, då til dømes eigedomsforhold mange stader kan ha endra seg. Opplysningane i matrikkelen må difor som sagt nyttast med varsemd og så langt råd er bli haldne saman med eldre bevarte kjelder, inklusive stadnamn.

Når eg likevel vel å bruke skattematrikkelen 1647 er det fordi dette er den eldste kjelda som kan gje eit samla bilete av slike forhold og som kan gje eit grunnlag for samanlikning av fleire område. Det er det relative storleiksforholdet gardane imellom som vil bli vektlagt. ”Relativ verdi” tek utgangspunkt i gjennomsnittsverdien for alle gardane i ei skipreide og indikerer kor mange gonger større eller mindre landskyldverdien på ein gard er samanlikna med gjennomsnittsgarden. Var det på dei største gardane i dei ulike bygdene at kross vart reist og kyrkjer bygde, eller teiknar det seg eit anna mønster? Som nemnt spelar endringar i eigedomsstrukturen også inn.

Tabellane nedanfor viser først landskyld og relativ verdi for dei gardane som har kyrkje eller kross og som er oppførte i matrikkelen 1647. Vidare viser dei landskyld og relativ verdi for dei fem største gardane i dei undersøkte skipreidene. Prestegardar, andre embetsmannsgardar og gardar som adelen åtte rundt midten av 1600-talet var unnatekne landskyld og skatt og er ikkje nemnde i skattematrikkelen (Gjermundsen [1980]1991: 34; Try [1980]1991: 38). Eg har difor henta opplysningar om desse gardane si landskyld i andre, noko seinare kjelder.

Når det gjeld kva for vareslag landskylda vart betalt i, har dette variert frå område til område. I indre Ryfylke var det smør som var det rådande vareslaget, men somme gardar betalte også i tjøre, huder og tag (never). På Jæren var korn den vanlegaste betalingsvara. Nedanfor er all landskyld rekna om til laupar smør, slik at det er mogleg å samanlikne dei ulike områda.⁶

Alle kyrkjene i undersøkingsområda mine er og har vore trekyrkjer, og det finst ingen kjende ruinar av steinkyrkjer i nokon av skipreidene.

⁶Landskylda i laupar smør er rekna ut etter samhovet 1 pund korn = 4 vetter = 24 spann, 1 laup smør = 3 pund = 72 merker, 1 pund tak = 4 vetter = 24 spann og 1 pund korn = 1 laup smør = 2 huder = 3 pund tak = 6 bollar tjøre (Skattematrikkelen X: 10; Lillehammer 1970: 120).

Haug skipreide

I Haug skipreide var det ein kyrkjestad, Time, og ein krosstad, Hauge. Kyrkja og krossen er, som vi har sett i kapittel 4, b   reiste n  r gamle gardstun. I 1647 f  rer skattematrikkelen opp 38 gardar. Samla landskyld i skipreida er p   68,22 laupar sm  r, som gjev eit gjennomsnitt p   1,79 laupar sm  r.

Gard og gardsnummer	Landskyld – i laupar sm��r	Relativ verdi
<i>��vra Time, gnr. 17 (i Time k.)</i>	3	1,7
<i>Hauge, gnr. 19</i>	2,4	1,3
Nj��, gnr. 24	4,8	2,7
Fr��yland, gnr. 28	4,3	2,4
Tu, gnr. 17 (i Klepp k.)	4,3	2,4
Store Oma, gnr. 13	4	2,2
Herikstad, gnr. 11	3	1,7

Tabell 5.1: Oversyn over kyrkje-/krosstad (i kursiv) og dei fem st  rste gardane i *Haug skipreide*, m  lt etter landskylda i skattematrikkelen 1647

Tabell 5.1. syner at gardane i Haug skipreide var temmeleg jamstore i tidleg nytid, den st  rste ikkje meir enn v  l to og ein halv gong st  rre enn gjennomsnittsgarden. Garden   vra Time, garden med kyrkjestad, var blant dei st  rste gardane i skipreida, men ikkje meir enn 1,7 gonger st  rre enn gjennomsnittsgarden.   vra Time hadde i 1647 same bruksverdi som Herikstad, som d   var blant dei fem st  rste gardane i skipreida. Ingen av gardane skil seg likevel klart ut som storgardar; den st  rste, Nj  , er 2,7 gonger s   stor som normalgarden. Desse tilh  va er likevel ikkje heilt representative for tilh  va fleire hundre  r tidlegare.

P   1600-talet var Time-garden skilt ut i ein   vra og ein Nera Time-gard. Slike utskiljingar skjedde som regel i tidleg mellomalder eller i h  gmellomalderen (  ye 2002: 247ff.). Slik sett er det sannsynleg at garden var st  rre d   kyrkja vart reist. I tidleg mellomalder sat bonden p   Time-garden likevel ikkje p   ein gard med eit omframt solid   konomisk fundament, med mindre garden hadde inntekter fr   andre gardar.

Tabellen syner vidare at Hauge, der steinkrossen st  r, ikkje h  yrde til dei st  rre gardane i

skipreida på 1600-talet. Målt etter produksjon var Hauge berre helvta av Njå. Spørsmålet er då om dette gjev eit representativt uttrykk for garden sin status i tidlegare tider. Skipreidenamnet og dei mange gravene kan likevel tyde på at det var ein stor gard.

Hauge låg til Apostelkyrkja i Bergen i mellomalderen og i ei større sentralkyrkjeleg godssamling (Lindanger 1990: 68). Slike gods kan gå tilbake til tidlegare gods ått av private. Kristine Gabrielsen har vurdert jordeiga i samband med reisinga av krossen på Hauge og konkluderer med at det truleg må ha vore ein stormann som tidlegare åtte jorda (Gabrielsen [2002] 2007: 241).

Klepp skipreide

I Klepp skipreide var det to kyrkjestader, Klepp og Bore, som båd låg i tilknytning til gardstun. I 1647 fører skattematrikkelen opp 37 gardar i skipreida med ei samla landskyld på 91,5 laupar smør. Gjennomsnittsverdien for gardane var 2,47 laupar smør. Det kan sjå ut som om vi her har å gjere med eit område som er tydeleg rikare enn Haug skipreide. Vi skal samstundes vere klar over at verdifastsetjinga kunne variere skipreidene i mellom, og det er difor også her den relative verdien som er mest interessant.

Gard og gardsnummer	Landskyld – i laupar smør	Relativ verdi
<i>Kleppe</i> , gnr. 1	4,5	1,8
<i>Vestre Bore</i> , gnr. 44	3	1,2
Sele, gnr. 51	7,5	3
Skjæveland, gnr. 52 (i Sandnes k.)	6,5	2,6
Gruda, gnr. 3	6	2,4
Anda, gnr. 14	5	2
Friestad, gnr. 24	4,3	1,7

Tabell 5.2: Oversyn over kyrkjestader (i kursiv) og dei fem største gardane i *Klepp skipreide*, målt etter landskylda i skattematrikkelen 1647

Tabell 5.2 viser viser også her at dei største gardane ikkje skilde seg markert ut; dei kunne vere

vél to og ein halv gong større enn gjennomsnittsgarden. Den eine kyrkjegarden, Kleppe, var blant dei fem største i skipreida i 1647, men ikkje meir enn knappe det doble av gjennomsnittsgarden.

Om Klepp kyrkje skriv Birger Lindanger at

det var slekta på Kleppe som på 1100-talet fekk reist kyrkje på garden (Lindanger 1990: 49).

Klepegarden vart seinare lagd under bispestolen i Stavanger, som vart skipa kring 1125 (ibid.:).

Den andre garden med kyrkje, Vestre Bore, var ikkje særleg mykje større enn ein normalgard i skipreida. Til liks med Time er også Bore ein gard som er blitt delt i løpet av mellomalderen, i Vestre og Austre Bore. Dette tyder på at Bore-garden under eitt må ha vore monaleg større og med ei større økonomisk bereevne i tidleg mellomalder enn det skattematrikkelen 1647 gir inntrykk av. Om Bore skriv Lindanger at det var "[S]tormennene på Orre, Reve og Bore sytte ... for at Bore og Orre fekk eigne kyrkjer og blei skilde ut som sokn" (ibid.: 73). Dette spørsmålet vil eg komme tilbake til i det neste kapitlet.

Jelsa skipreide

I Jelsa skipreide var det to kyrkjestader, Jelsa og Sand, som geografisk låg ganske langt frå kvarandre. Kyrkja på Sand låg i tilknytning til gardstunet på Sandsgarden, medan kyrkja på Jelsa i følge bygdebokskrivar Ola Foldøy låg på Sandane, eit lite underbruk under Prestegarden (Foldøy 1967:554). Skattematrikkelen 1647 gjev opp 95 gardar i skipreida. Den samla landskylda var på 159 laupar smør, med ei gjennomsnittleg landskyld på 1,67 laupar.

Gard og gardsnummer	Landskyld – i laupar smør	Relativ verdi
<i>Prestegarden, gnr. 139*</i>	-	-
<i>Sand, gnr. 103</i>	4	2,4
Hebnes, gnr. 112	8,8	5,3
Fuglastein, gnr. 145	4,7	2,8
Hanakam, gnr. 96	4,3	2,6
Helland, gnr. 94	3,8	2,3
Kjølvik, gnr. 116	3,5	2,1

Tabell 5.3: Oversyn over kyrkjestader (i kursiv) og dei fem største gardane i *Jelsa skipreide*, målt etter landskylda i skattematrikkelen 1647

Tabell 5.3 viser eit noko annleis mønster enn i Haug og Klepp skipreider, med større skilnad gardane imellom. Hebnes er den klårt største, meir enn fem gonger så stor som normalgarden. Også Sand var blant dei største gardane i skipreida av dei som er førde opp i skattematrikkelen; nesten to og ein halv gong så stor som gjennomsnittsgarden. Sandskyrkja åtte det meste av dagens matrikkelgard Sand, i det minste frå slutten på 1200-talet (Drange 2007, pers. medd.).

Foldøy nemner at kongen åtte prestegarden i tidleg nytid* og at garden var benefisert presten på Jelsa (ibid.: 554). Dei to gardane, Prestegarden og Sandane, er difor ikkje nemnde i skattematrikkelen 1647. Før reformasjonen var Prestegarden prestebolsgods – lokalkyrkjeleg gods (Drange 2007, pers. medd.).

Skild frå Prestegarden med ein bekk ligg garden Jelsa, som har gjeve namn til skipreide, kyrkjestad og sokn. På 1600-talet var Jelsa-garden i hovudsak odelsgods (Skattematrikkelen X: 114).

Av tabellen ser vi at skilnadene gardane imellom er noko meir markante i denne skipreida. Hebnes skil seg ut ved å vere fem gonger så stor som gjennomsnittsgarden og han er over dobbelt så stor som Sand, som var kyrkjestad.

Suldal skipreide

I Suldal skipreide var der éin kyrkjestad. Denne låg på garden Vinjar, eit stykke frå det som i 1647 og i dag er prestegardstun, og som truleg var det gamle gardstunet. I følgje skattematrikkelen 1647 var der 68 gardar i denne skipreida. Samla landskyld i skipreida var på 105,7 laupar smør, eit gjennomsnitt på gardsnivå på 1,55 laupar.

Gard og gardsnummer	Landskyld – i laupar smør	Relativ verdi
<i>Vinjar, gnr. 27*</i>	(2)	(1,3)
Lunde, gnr. 25	5,4	3,5
Veka, gnr. 34	4,8	3,1
Gautun, gnr. 59	4,5	2,9
Bakka, gnr. 41	4	2,6
Tjøstheim, gnr. 24	4	2,6

Tabell 5.4: Oversyn over kyrkjestad (i kursiv) og fem dei største gardane i Suldal skipreide, målt etter landskylda i skattematrikkelen 1647

Tabell 5.4 syner at det fanst gardar med solid økonomisk bereevne i skipreida. Kyrkje- og prestegarden Vinjar* er ikkje ført opp i skattematrikkelen 1647, men landskylda på 2 laupar smør, oppgjeven i matrikkelen i 1723, syner at garden ikkje er blant dei fem største i skipreida.

Vinjar grensar i vest til Lunde (tabell 5.4) og i aust til Hoftun, der den gamle tingstaden i skipreida skal ha lege (Hoftun 1981: 42). Hoftun hadde ei landskyld på 2 laupar smør i 1647. Namnet kan tyde på at garden har vore kultstad i førkristen tid.

Samla vurdering

Med utgangspunkt i skattematrikkelen 1647 har eg i dette kapitlet undersøkt kva for økonomisk status gardane med kross og kyrkje har hatt i høve til dei største gardane i sine respektive skipreider. Det syner seg at ingen av dei aller største gardane i dei ulike skipreidene har kross eller kyrkje på grunnen sin, verken i undersøkingsområda i indre Ryfylke eller på Jæren. Det ser med andre ord ikkje ut til at kyrkjer eller kross er blitt reiste på markante storgardar, men likevel mellom dei større i bygdene.

Områda i indre strok skil seg frå dei i ytre strok ved at det her ser ut til å vere noko større variasjon i storleik, målt etter landskyld. Haug skipreide skil seg ut på det viset at det her er snakk om etter måten jamstore gardar. Tendensane er nokså like i naboskipreida Klepp. I indre Ryfylke er det somme gardar som skil seg ut som mykje større enn dei andre i sine skipreider: Hebnæs i Jelsa og Lunde i Suldal.

I det neste kapitlet skal eg vurdere alle momenta som eg så langt har drøfta i høve til spørsmåla om kven som reiste kyrkjer, kva status dei hadde, kva tid dei vart reiste og kva mønster som teiknar seg i dei ulike områda.

6 KVEN REISTE KROSS OG BYGDE KYRKJE, KVA TID OG KVIFOR?

I kapittel 4 såg vi korleis krosstaden og kyrkjestadene låg i landskapet, og i kapittel 5 undersøkte eg gardane sin økonomiske status i forhold til andre gardar i sine skipreider. Med grunnlag i desse funna skal eg no drøfte kven som kan ha reist kross og bygt kyrkje, kva tid krossen og kyrkjene kan ha vore reiste, om det har vore kontinuitet eller brøt i plassering av kultstadene, og i kva grad stad og monumentalitet har vore viktige omsyn når kyrkje og kross skulle reistas. Også spørsmålet om det har vore kontinuitet eller brøt i maktforholda vil bli drøfta her.

Kapitlet vert avslutta med ein diskusjon om det teiknar seg eit bilete som kan fortelje om religionsskiftet har gått føre seg på nokolunde lik eller ulik vis i dei ytre og dei indre strøka som eg har undersøkt med omsyn til kross- og kyrkjereising.

Tabell 6.1 tener som ei oppsummering av dei observasjonane som vart gjorde i kapittel 4, om kyrkjestadene si plassering i landskapet, og er eit utgangspunkt for diskusjonen. Det må understrekast at det ikkje let seg gjera å få fram alle nyansar i ein slik tabell.

Kyrkjestad	Plassering nær gardstun	Nærleik til førkristne gravminne	Plassering på/ved gammal samlingsplass	Nærleik til fjord eller vatn	Nærleik til større veg	Monumentalitet
Time	++	+	–	+	+	++
Klepp	++	+	–	–	?	++
Bore	++	++	–	+	++	++
Jelsa	–	++	+	++	+	+
Sand	++	+	++	+	++	++
Vinjar	+	++	++	+	++	+
Krosstad						
Hauge	++	++	++	–	+	++

Tabell 6.1.: Oversikt over kyrkjestadene si plassering i landskape

Teiknforklaring: ++ = høg grad, + = mindre grad av, – = ikkje ei slik kopling

Kven reiste kross og bygde kyrkje?

Før eg diskuterer kven som kan ha bygt kyrkjer i tidleg mellomalder og høgmiddelalderen finn eg det naudsynt å gje ei framstilling av ”dåps og gravrett”. I den første kristningstida var det vanleg at kyrkjelyden kjøpte kyrkjelege tenester av ein lokal prest (Helle 2001: 205). Det var difor viktig for ei kyrkje å ha dåps- og gravrett, som del av inntektsgrunnlaget sitt. Hovudkyrkjene, fjordungskyrkjene og truleg heradskyrkjene hadde slik rett, men ikkje alle dei tidlege gardskyrkjene. Det var biskopen som hadde hand om dåps- og gravretten.

Eg finn det rimeleg at gardskyrkjene i mitt materiale kan ha hatt dåps- og gravrett tidleg, kanskje frå dei vart bygde, av tre grunnar. Dei vart alle seinare soknekyrkjer, noko som kan vere ein indikasjon på at kyrkjene – om dei var bygde før sokneskipnaden – tidlegare hadde dekt eit behov for kyrkjelege tenester i sine respektive bygdelag. I Rogaland har det vore vanskeleg å lokalisere hovud- og fjordungskyrkjene – kyrkjer som hadde dåps- og gravrett (Helle 2001: 203); det kan likevel ha vore ei hovudkyrkje i Stavanger (ibid. 203). Om slike kyrkjer ikkje fanst, ville det truleg bli lettare for gardskyrkjer å få dåps- og gravrett. Dessutan har ein ikkje har funne spor etter nedlagde heradskyrkjer i dei undersøkte områda, kyrkjer som eventuelt kunne ha hatt dåps- og gravretten i bygdelaget. Den ovannemnde døypefonten i Bore kyrkje kan tyde på relativt tidleg dåpsrett i denne kyrkja.

Som nemnt identifiserer Gulatingslova to grupper kyrkjebyggjarar: på eine sida ”dei menn som eig kyrkja” og på andre sida ”einskildmenn..., ... lendmann ... eller bonde eller kven det er som byggjer kyrkje”, i resten av G 12 referert til som ”bonden”. Kyrkjene bygde av denne siste gruppa vert gjerne kalla høgendeskyrkjer, også eigenkyrkjer (Smedberg 1973: 88) eller gardskyrkjer. Kjennteikn på ei gardskyrkje er i første rekkje at ho er plassert nær eit gardstun, slik at ho ikkje nødvendigvis ligg sentralt i bygda (Skre 1984: 11), og at ho ligg på ein gard som ville ha økonomisk bereevne til å reise og halde oppe ei kyrkje. At kyrkjestaden har namn etter garden han ligg på kan også peike i retning av ei gardskyrkje.

Kyrkjer bygde av ”dei menn som eig kyrkja” – av bygdefellesskapet – er kjenneteikna ved å ha ei relativt sentral plassering i bygda og gjerne vere lettare tilgjengelege enn gardskyrkjene. Dei bér gjerne namnet på skipreida eller bygda dei ligg i. Det er også døme på at kyrkjer som vart reiste i fellesskap låg på gardar der eigaren tydelegvis har avstått grunn (Berg 2005). Kyrkjer kunne og vere bygde på allmenningsgrunn og ved gamle sentra (Birkenes 2004). Nærleiken til gardstun er eit viktig moment når ein skal ta stilling til slike spørsmål.

Kyrkjestadene si eventuelle plassering nær ein kjend lokal tingplass kan gi indikasjonar på om ein har lagt vekt på å leggje kyrkjene nær etablerte møteplassar, samt vere uttrykk for at ein tinglyd har stått bak bygginga. Gulatingslova nemner tre tingnivå – fjordung, fylke og lagdøme, som den øvste domsmakta (Helle 2001: 76ff.). Lova nemner ikkje mindre lokale rettseiningar; like fullt kan det ikkje vere tvil om at lova føreset slike lokale ting – heradsting eller bygdeting – som kan ha omfatta eit mindre område enn fjordungen (ibid. 78ff.). I Rogaland har det vist seg problematisk å lokalisere fjordungstinga (jf. Steinnes 1974), men òg dei mindre bygdetinga, noko som gjer at vi må ta visse atterhald når vi skal sjå kyrkjestadene i samanheng med såkalla ”gamle samlingsstader”. Tingstadene vil såleis berre bli brukte som indikasjonar på at det er rimeleg at det her har vore ein eldre samlingsstad før kross- og kyrkjestadene vart etablerte. ”Ting” som ledd i lokalitetsnamnet reflekterer nok likevel ein historisk realitet.

Halvard Bjørkvik teiknar opp eit bilete av at stormenn på øyane i *ytre* Ryfylke og på Stavangerhalvøya har vore nøkkelpersonar i organiseringa av kyrkje- og krossreiseing i desse områda (Bjørkvik 1995: 76). Finn vi det same mønstret eller er det eit anna i mine undersøkingsområde på Midt-Jæren og i indre Ryfylke?

I indre Ryfylke er kyrkjestadene Sand og Vinjar plasserte på eller nær garden som hyste tingstaden. Sand var tingstad frå gammalt av, men lokaliseringa er ikkje kjend (Drange 2000: 9). Vinjar var som nemnt nabogarden til Hoftun med tingstaden Tingabrekk. For mange tingmenn ville vegen til kyrkja vere den same som vegen til tingstaden, berre nokre hundre meter kortare. Dei nye rituelle plassane vart såleis i ein viss grad skipa ved plassar som vi kan gå ut frå har vore samlingsplasser før kristninga, i form av kross- og kyrkjereising, skaut fart. På Midt-Jæren ligg ingen av kyrkjene nær ein tingstad, medan steinkrossen på Hauge ligg på Tinghaug

Jelsa kyrkje ligg til fjorden, og den gamle kyrkjestaden på Sand på ei høgd vél 150m frå fjorden. Vinjar ligg vél 1 km frå Suldalsvatnet. Time kyrkje ligg mindre sentralt i bygda. Klepp kyrkje ligg meir sentralt enn Time; korleis kyrkja var plassert i høve til eldre vegar er det ikkje råd å sjå ut frå det tilgjengelege kartmaterialet.

Stormenn bygger kyrkje og reiser kross?

Fire av kyrkjestadene som er blitt undersøkte i denne framstillinga – Time, Klepp, Bore og Sand – er alle plasserte i tilknytning til gamletun. Time og Klepp kyrkjer har ikkje midtpunktplassering i bygda; den gamle Sandskyrkja låg berre om lag 150m frå fjorden men samstundes 38m.o.h.

Dette kan tyde på at kyrkjene opphavelig vart bygde som gardskyrkjer. Alle kyrkjene vart seinare soknekyrkjer. Sannsynlegvis på grunn av nedgang i folketalet etter Svartedauden vart Bore annekskyrkje under Klepp og Sand under Jelsa kyrkje, som eg nedanfor vurderer som ei bygdekyrkje. Alt frå slutten av 1200-talet var garden Sand ått av Sandskyrkja, men sidan vart eigedomsretten overført til Jelsa prestebol (Drange 2000: 16).

Eitt moment synest likevel å kunne tale mot at desse fire kyrkjene var gardskyrkjer: spørsmålet om desse kyrkjestadene har hatt økonomisk bereevne for kyrkjebygging. Såleis hadde Vestre Bore i 1647 ei landskyld som var noko i overkant av gjennomsnittsgarden i denne skipreida, med relativ verdi 1,2. Som nemnt reflekterer ikkje matrikkelen 1647 direkte tilhøva på 1000– og 1100-talet og det ser ut til at garden har blitt delt i løpet av mellomalderen. Vestre Bore og Austre Bore er oppførte som to separate gardar i skattematrikkelen, men busetnadshistorisk dreier det seg her om éin gard med to tun (Rønneseth 2001:141). Namna tyder på utskiljing i tidleg mellomalder eller høgmellomalderen (Øye 2002: 247ff.), og i alle høve kan delte namnegardar ha utgjort ei naturleg samarbeidseining ved organiseringa av kyrkjebygging også etter at dei var delte (Skre 1984: 30). Sett under eitt var dei to Bore-gardane om lag dobbelt så store som gjennomsnittsgarden i skipreida. Bygdebokforfattaren Birger Lindanger skriv at det budde ei stormannsætt på Bore-garden, som var mellom dei største i bygda (Lindanger 1990: 51). Kyrkja på Bore var plassert i tilknytning til gamletunet på garden, på ”Kyrkjeågeren”.

Eit liknande forhold, med delt gard, ser vi på Time-garden, som i 1647 var delt i Øvra Time og Nera Time. Samanslegne ville dei to gardane til saman ha utgjort éi eining vél dobbelt så stor som gjennomsnittsgarden i skipreida. Ein eldre veg går ved og rundt kyrkjestaden, men denne har inga sentral plassering eller midtpunktplassering i høve til busetnaden i skipreida.

Den gamle kyrkjestaden på Kleppe var også plassert i nærleik til gamletunet på garden. Truleg har tilgjenget vore noko avgrensa sett i forhold til bygda rundt, då Kleppe ligg oppå ei høgd i landskapet. I bygdesoga for Klepp kommune skriv Lindanger at kyrkjebyggaren på Kleppe-garden hadde ”åtte mindre gardar” å leggje til kyrkja (Lindanger 1990:49). Ein av desse gardane, Nedre Sørbo, vart seinare og er i dag prestegard. Det var også gardsnamnet Kleppe som gav namn til skipreida, då det var naturleg at skipreida ”fekk namn etter sætegarden til denne mektigaste mannen på Midt-Jæren” (ibid.:47). Samstundes kan det tyde på at garden hadde ein sentral plass i bygda alt tidleg då skipreida vart organisert.

Med omsyn til Sandsgarden såg vi i tabell 5.3 at han var ein etter måten stor gard i si skipreide,

med relativ verdi 2,4, dvs. nesten to og ein halv gong så stor som gjennomsnittsgarden i skipreida. Det synest dermed klårt at Sand må ha vore ein gard stor nok til å bere kostnadene med å reise gardskyrkje. På den andre sida har Sand vore tingstad, og garden ligg sentralt i bygda, noko som kan tyde på ei kyrkje bygd i fellesskap. Men den nære tilknytninga til gamletunet på garden og kyrkja si manglande direkte tilknytning til fjorden tyder likevel på at vi her har å gjere med ei gardskyrkje. Garden kan også ha omfatta eigedomar andre stader, men dette er vanskeleg å dokumentere ut frå dei tilgjengelege kjeldene. Om det har vore ei gardskyrkje, er det rimeleg å tenkje seg at det sat ein større jordeigar her då kyrkja opphavleg vart reist.

Steinkrossen på Hauge er plassert ikkje langt frå ein tingstad, noko som kunne tale for ein kross reist av ein fellesskap. Samstundes har krossen ei plassering nær tunet og til gravene på garden som gjer det nærliggande å tenke at han er reist av folk med tilknytning til Hauge-garden, kan hende ein av kongens menn eller annan stormann. Dette er i tråd med Kristine Gabrielsens vurdering (Gabrielsen [2002] 2007: 249). På den andre sida går det fram av skattematrikkelen 1647 at Hauge berre var 1,2 gonger større enn gjennomsnittsgarden i si skipreide (tabell 5.1) og såleis ingen storgard på denne tida. Ulike faktorar kan likevel gi indikasjonar på at Hauge hadde ein annan status då krossen vart reist; dei mange gravminna og det at skipreida Hauge har namn etter garden (Steinnes 1974: 87; Særheim 1989: 217) skulle tyde på at garden har hatt ein viktig posisjon i området. Hauge var lagd inn under Apostelkyrkja i Bergen og var såleis truleg del av eit sete eller eit gods før det (Lindanger 1990: 68). Garden har mange graver, noko som skulle indikere ein viss grad av rikdom og råderett.

Bygdefolket reiser kyrkje i fellesskap?

Jelsa kyrkje har inga spesiell tilknytning til noko tun og er etter måten sentralt plassert i skipreida si med tanke på ferdsle til sjøs og er nær knytt til fjorden. Kyrkjestaden ligg innan Prestegarden sitt gardsvald. Det gamle gardsnamnet Berg, eit usamansett naturnamn, kan tyde på ein gammal gard, kan hende frå jernalder. Det gjer det mindre sannsynleg at det ligg føre ei seinare utskiljing av prestegarden frå grannegarden Jelsa. Mest sannsynleg er det difor at kyrkjestaden har namn etter skipreida Jelsa, ikkje direkte etter garden Jelsa, sjølv om heller ikkje det kan utelukkast. Desse forholda kan peike mot at Jelsa kyrkje opphøveleg vart reist som eit fellestiltak av bygdefolket.

Noverande Suldal kyrkje⁷ bar tidlegare namnet Vinjar kyrkje. Som det går fram av tabell 5.4 syner matrikkelen frå 1723 at Vinjar var prestegard og dermed ikkje skyldsett i 1647. Landskylda var då ikkje særleg mykje over landskylda for gjennomsnittsgarden i skipreida. Kyrkjestaden ligg ikkje meir enn 100-150 m frå det som truleg er gamletunet, noverande prestegardstun, men verkar likevel ikkje å vere knytt til dette, då det er eit dalsøkk imellom. Kyrkjestaden ligg sentralt i bygda nær bygdevegen og like ved vegen til garden Hoftun, der den gamle tingstaden og kanskje også ein forhistorisk kultstad har vore lokaliserte (Hoftun 1981: 42). I høve til gardstunet på Vinjar ligg kyrkja 100-150 m nærare Suldalsosen, og dermed til ferdsla på Suldalsvatnet.

Namnet Vinjar kan tyde på ein eldre gard. At det kan ha skjedd ei seinare utskiljing av prestegarden frå ein av grannegardane, Lunde eller Hoftun, er mindre sannsynleg då kyrkjestaden i så fall opphaveleg ville ha fått namn etter ein av desse gardane. Det er såleis mest sannsynleg, slik eg vurderer det, at Vinjar kyrkje frå fyrst vart reist som eit fellestiltak. Jan Brendalsmo tenkjer seg at fellesbygde kyrkjer med bygdenamn opphavleg kan ha hatt gardsnamn. Etter kvart har den namnegjevinga som folk utanfor bygda har gjeve kyrkja blitt den vanlege (Brendalsmo 1994: 110).

Av dei undersøkte kyrkjestadene ser det ut til at fire av kyrkjene opphaveleg er reiste som gardskyrkjer, medan to tenderer mot å vere reiste i fellesskap av eit bygdelag. Geografisk er tendensen med kyrkjer knytte til ein gard tydelegast i Klepp og Hauge skipreider, i det som her utgjer ytre strok.

Kva tid vart kyrkjene bygde?

Er det mogleg å komme nærare spørsmålet om kva tid kyrkjestadene vart skipa? Det einaste haldepunktet her er datering av gravminne som kan nyttast som ei *terminus post quem*-datering for ei slik skiping: Kyrkja kan tidlegast ha blitt reist *etter* det yngste daterte heidenske gravminnet. Analysar av C-14-prøver frå utgravingar på kyrkjegarden og dendrokronologiske undersøkingar av trerestar frå ei opphaveleg kyrkje kan også gje ei nokolunde dateringsramme i dei tilfella der slike moglegheiter ligg føre. Så langt har dette berre vore mogleg på nokre få kyrkjestader, mellom anna Veøy i Romsdal (Solli 1996).

Når det gjeld kyrkjestadene i mine undersøkingsområde manglar empirisk grunnlag for å kunne

⁷I 1620 vert kyrkja kalla Soledal (hoffued) kiercki (*Grågås*: 110)

føreslå tidspunkt for skiping av desse seks stadene – kan hende med unnatak av Bore kyrkje. Med omsyn til dateringane for gravminna frå yngre jernalder er desse så generelle at dei ikkje eingong kan gje eit omtrentleg tidspunkt for kva tid den heidenske gravskikken opphøyrde i undersøkingsområda. Det einaste det er mogleg å slå fast er ei *terminus ante quem*-datering av kyrkjestadene ut frå mellomalderbrev – kva tid dei seinast kan ha vore skipa. Årstala i tabellen nedanfor syner kva tid prest, kyrkje eller sokn første gong er nemnde og såleis kva tid kyrkjene seinast er blitt reiste:

Kyrkjestad	Prest	Kyrkje	Sokn	<i>Terminus ante quem</i>
Time	1329	1395	-	1329
Klepp	-	ca. 1280	-	ca. 1280
Bore	-	-	1322	1322
Jelsa	-	ca.1280	-	ca. 1280
Sand	-	1295	1283	1283
Vinjar	-	1407	1319	1319

Tabell 6.2: Oversyn over når kyrkjestadene er nemnde, ved prest, kyrkje eller sokn, første gong i *Diplomatarium Norvegicum* – terminus ante quem dateringar.

Dersom eg skal kunne finne ei noko meir presis datering for kyrkjestadene innanfor tidsspennet ca. 1030 til ca. 1280–1329, kan dette berre gjerast på generelt grunnlag, med utgangspunkt i føresegner i kristenretten i Gulatingslova og kunnskap om sider ved det samfunnet lova verka i.

Bak vedtaket om kyrkjebygging som vart gjort på Mostratinget ein gong i 1020-åra, stod både konge og bønder. Mange av bøndene som møtte kan ha vore kjende med kristen tru og kristen praksis, mange kan ha opplevd at dei ikkje hadde anna val enn å bøye seg for kongemakta. I alle fall kan det vere tvilsamt om bøndene kollektivt i dei einskilde bygdene raskt tok i ferde med å reise kyrkjer den første tida etter vedtaket på tinget, sjølv om lova peika dei ut som den eine grupperinga blant framtidige kyrkjebyggjarar – ”dei menn som eig kyrkja...” (G 12). Ein ting som kunne tale for å byggje kyrkje var at dei då ville få lett tilgjenge til kyrkjelege tenester. Det dei på andre sida ville måtte bere var byggjekostnader, kjøp av kyrkjevigsle frå bispen, kan hende utskiljing av jord til opphaldsgard for kyrkja, vedlikehald av kyrkja, kjøp av kyrkjelege tenester

hjá presten (Adam av Bremen/Koht 1950: 79). Mange bønder kan ha sett på dette som eit dårleg balansert byte; det var ikkje sikkert dei oppfatta nytteverdien av kyrkjebygningen den første tida (Andersen 1977: 326). Dessutan kan den gamle trua framleis ha stått sterkt blant bøndene.

For å komme i gong med kristning gjennom kyrkjebygging måtte difor kongen, kan vi tenkje oss, finne andre lokale alliansepartnarar. Den andre gruppa kyrkjebyggjarar peikt på i lova er som nemnt ”einskildmenn...anten lendmann eller bonde... eller kven det er som reiser kyrkja” – heretter referert til som ”stormannen”.

I eit lite kommentert avsnitt i Gulatingslova (G 12, siste avsnitt) vert det fastlagt kva som skulle skje om eigaren let kyrkja si rotne. Han måtte bygge ho opp att innan tre år, elles ville kongen eige jorda ho stod på. Kongen måtte få bygd ny kyrkje innan eitt år, elles skulle stormannen ha jorda si att og bygge kyrkje innan eitt år. Om ikkje dette vart gjort, skulle kongen ha jorda for alltid. Knut Helle peiker på at reglane ”syner (...) at kongen stilte seg bak bygging og vedlikehald av kyrkjer og hadde interesse i dette”, men er usikker på om slike pedantiske reglar kan ha blitt strengt praktiserte (Helle 2001: 201). Eg vel å tolke desse som gjennomtenkte reglar – dei vart ikkje tekne ut i Magnusteksten – lovfeste for å gjere det mogleg for konge og stormenn å gje kvarandre så god tid at dei kunne unngå brøt med kvarandre. Opptil fem års utsetjing kunne stormannen få før han miste jorda for godt. Jamvel om han i mellomtida måtte betale bøter på seks merker til biskopen, fekk han etter det eg kan sjå ei mindre streng handsaming enn dei bøndene som kollektivt hadde bygt kyrkje og forsømt vedlikehaldet. Det ser ut til at det å reise kyrkje skulle innebere minst mogleg risiko for stormannen. Når lova heller ikkje inneheldt andre føresegner som truga eigedom eller ære, kan det ikkje ha vore vanskeleg for stormenn som hadde teke ved den kristne trua å gå i allianse med kongen og bli lokale pådrivarar i kyrkjebygginga.

I vikingtidas og mellomalderens samfunn var samkvem mykje basert på utveksling av gåver – yting og motyting – og også kongen kunne skaffe seg tilslutning gjennom gåver og velgjerningar (Helle 1991: 31; Bagge 2005: 158). Spørsmålet er om kongen hadde gåver å gje for å knyta til seg som stormenn som alliansepartnarar og få dei til å ta kostnadene med å byggje kyrkjer, leggje naudsynt jord til kyrkja – noko kanonisk rett kravde (Smedberg 1973: 139) – og halde ho ved like.

Kongen hadde slike gåver å tilby stormenn som ønskte å fremje kristendommen lokalt ved å reise kyrkjer. Stormannen ville få kongens venskap (Skre 1995: 172) og kongens vern; han ville få høve til å syne makt og eigen rikdom ved at kyrkjestaden og eit monument – kyrkjebygget –

låg på hans gard; han fekk halde oppe ein tradisjon med å ha graver på eigen gard (Birkenes 2004).

Like eins fekk han behalde råderetten over jord som han la til kyrkja – han miste ikkje retten om han forsømde vedlikehaldet – og over inntektene frå jorda (Smedberg 1973: 93 - 94). Han kunne få rett til å tilsetje prest, om så var ein av sine nærskyld. Etter at tienda vart innført i første halvta av 1100-talet kunne stormannen ha styring med delar av denne (Skre 1995: 178). Smedberg meiner at det kan ha vore ein ”lönande affär” å ha kyrkje oppført på eigen gard (Smedberg 1973: 99).

Kongen på si side må ha fått motytingar. Viktigast må vi tru det har vore at stormenn si kyrkjebygging gav kongen høve til effektivt å fremje kristendommen i lokalsamfunna. Gjennom det Kåre Lunden kallar dei rike, mektige og prestisjeberande sitt ”ideologiske hegemoni” (Lunden 2004: 26) kan det ha blitt sett i gong ein prosess der også lågare samfunnssjikt byrja å ta ved den nye trua. Og kongane fekk eit nettverk av lojale alliansepartnarar omkring i landet. Slik vart kongen si makt underbygd og faren for opprør mindre (Skre 1995: 172).

Utover på 1100-talet kan det tenkjast at bøndene kan ha fått større interesse for sjølve å reise kyrkjer i fellesskap. For det første er det rimeleg at kristendommen har blitt sterkare rotfest blant folk etter lang tids kristen påverknad. For det andre vart tiendeordninga innført. Halvta av tienda skulle gå til opphald for prest og vedlikehald av kyrkje, og bøndene ville kunne få betre styring med denne delen av tienda ved reising av eiga heradskyrkje, etter kvart soknekyrkje. For det tredje spreidde det seg frå tidleg på 1100-talet ein ny byggeteknikk for stavkonstruksjonar, slik at vedlikehaldet av kyrkjene vart enklare og mindre kostbart: stolpeholsteknikken vart erstatta av botnramme på svillar og seinare steinmur (Nordhagen 2003: 92).

For stormenn sin del kan det utover på 1100-talet ha blitt mindre attraktivt å bygge kyrkjer. I andre halvdel av hundreåret nådde den gregorianske reformrørsla Noreg. *Canones Nidrosienses*, truleg frå 1160-åra, viser at kyrkja prøvde å få kontroll over innsetjinga av prestar og herredøme over jordegods dei hadde lagt ut til kyrkja (Skre 1995: 177). Skre meiner kyrkjeeigarane kan ha sett på dette som ein "vederstygghet" (ibid.: 179) Dersom kyrkja skulle vinne fram med krava sine, risikerte stormenn å miste makt og delar av styringsretten over eigedom som dei tidlegare hadde lagt ut til kyrkja.

Vi må også kunne tenke oss at det i fleire og fleire område etter kvart var blitt bygt tilstrekkeleg med kyrkjer i høve til folketalet. Ei kyrkje bygd av ein stormann ville då kunne då bli nekta dåps-

og gravrett av biskopen, eller ho vart ikkje soknekyrkje og fekk dermed ikkje inntekter av tienda.

Den moglege utviklingstendensen som eg her har skissert, med mogleg auka kyrkjebygging initiert av bøndene kollektivt og redusert bygging av gardskyrkjer, kan i tilfelle ha teke til før midten av 1100-talet og halde fram ut hundreåret, då behovet for kyrkjer i all hovudsak må ha vore dekt (Bagge [1998] 2005: 84). Dette vil likevel ikkje seie at det ikkje vart bygt gardskyrkjer så seint som på 1200-talet – til dømes finn Kjetil Haaland at gardskyrkjer i stein er blitt bygde i denne perioden (Haaland [1998] 2001: 36ff.), og fellesbygde kyrkjer kan ha blitt reiste alt på 1000-talet.

På generelt grunnlag har eg prøvt å argumentere for at gardskyrkjer, som Kleppe, Time, Bore og Sand kyrkjer kan vere, kanskje i tendens kan ha vore bygde noko tidlegare enn fellesbygde kyrkjer. Jan Brendalsmo vurderer sitt materiale frå Vestfold slik at dei fleste tidlege mellomalderkyrkjene vart bygde av og for samfunnseliten på deira gardar (Brendalsmo 1994: 107). På andre sida har Dagfinn Skre vurdert Ringebu kyrkje i Sør-Gudbrandsdalen som eit tidleg fellesbyggeri frå 1000-talet (Skre 1984: 80). Biletet er samansett, og vi kan heller ikkje sjå bort frå variasjonar landsdelane imellom.

Dateringa for Bore kyrkje kan truleg snevrast noko inn. På Bore kyrkjegard finst det fleire runesteinar med namn på døde personar, men ingen årstal for når dei døydde. Runesteinane kan tyde på at kyrkja er frå 1200-talet (Lindanger 1990:51). Eit funn som er nemnt av Haaland er ein døypefont i kleberstein som ut frå ornamenta er datert til 1140-åra (Haaland 2001: 29, 165). Sjølv om dateringa av døypefonten ikkje utelukkar 1200-talet – døypefonten kan ha vore i ei anna kyrkje før han kom til Bore-kyrkja – vil eg likevel føreslå at tidshorizonten vert senka til før 1150.

Fridtjov Birkeli meiner steinkrossane er reiste innan ei tidsramme frå ca. 950 til ca. 1030 (Birkeli 1973: 15), mens Kristine Gabrielsen har utvida tidsramma noko. Ho har og forsøkt å datere krossen og meiner at den enkle forma og det at han er laga av ein lokal bergart gir grunnlag for å klassifisere han som ”tidleg” (Gabrielsen [2002] 2007: 250). Trass i vanskelege dateringsforhold meiner ho det er grunnlag for å anslå at krossen er reist innan eit tidsrom som strekker seg frå midten av 900-talet og fram til byrjinga av 1000-talet (ibid.: 253).

Kva omsyn er tekne i val og skiping av kyrkjestad?

Omsyn til gamle rituelle stader – brot eller kontinuitet?

Spørsmålet om kontinuitet eller brot ved skipinga av nye kultstader er som tidlegare nemnt vurdert ut frå kriteriet visuell kontakt mellom kyrkjestad og heidenske graver på same garden. Alle dei sju undersøkte stadene ligg på gardar med gravminne frå jernalderen – noko som skulle vitne om at det her er blitt utført religiøse rituale også i tida før kristendommen. Gardane Hauge, Bore, Sand og Vinjar har gravminne som kan daterast til yngre jernalder. Alle kyrkjestadene har visuell kontakt med førkristne gravminne. Kyrkjestadene på Vinjar, Jelsa og Bore ligg tett ved slike gravminne. Det same gjer krossen på Hauge; som nemnt er denne plassert oppå ein gravhaug frå folkevandringstida.

Gravminna på Time, Klepp og Sand ligg på stader utan like tydeleg tilknytning til kyrkjestaden. Desse tre gardane har grannegardar med monaleg fleire gravminne. Kor nøyaktig dette reflekterer eldre forhold er uråd å vite, då gravminne kan ha blitt fjerna i nyare tid, slik vi ut frå tidlegare skildringar (jf. Kraft) og Helliesens kart veit er tilfelle både i indre Ryfylke og på Jæren.

Legg vi observerte data til grunn, finn vi sterk grad av kultstadkontinuitet på Vinjar, Jelsa, Bore og Hauge, svakare på Sand, Time og Klepp. Ved alle kyrkjene finn vi ein tendens som peiker mot kultstadkontinuitet. Eg kjem lenger nede tilbake til omsyn som likevel synest å ha vore viktigare ved plasseringa av Sand, Time og Klepp kyrkjer.

Det kan vere grunn til å sjå nærare på Vinjar, ein av stadene markerte med nærliggjande graver. Garden grensar opp mot Hoftun som var gammal tingstad, gard med mange gravminne og kan hende stad for heidensk kultutøving. Når Vinjar vart vald som kyrkjestad for Suldal, ikkje Hoftun, vil det vere mogleg å tolke dette slik at folk i bygda kan ha vendt seg bort frå den gamle religionen representert ved Hoftun, men ikkje bort frå bandet med forfedrane representert ved gravene på Vinjar.

Omsyn til monumentalitet?

Monumentet gjer særskilde stader mykje meir synlege (Bradley [1993] 1996: 106). I tidleg norsk mellomalder, med små trekyrkjer som kanskje ikkje skilde seg så mykje ut frå andre bygningar, kan det vel tenkjast eit motsett fall: at staden har gjort monumentet meir synleg. Finn vi eit slikt forhold på dei undersøkte kyrkjestadene – at staden peiker ut monumentet?

Steinkrossen og fire av kyrkjene, Sand, Bore, Klepp og Time kyrkjer er plasserte på stader med

monumental karakter. Disse fem stadene skil seg klårt ut i landskapet ved at dei utgjer markante høgdedrag i sine nærrområde og henvender seg til eit vidt omland.

I 1850-åra vart kyrkja på Sand flytta frå den gamle staden og ned dit ho står i dag. Ein grunn for flyttinga var at vedlikehaldet vart for krevjande slik kyrkja stod, på ei svært verutsett høgde. I valet mellom monumentalitet og rimeleg vedlikehald er det såleis truleg at monumentalitet har vore viktigast då den første kyrkja vart reist på Sand.

Kyrkjestaden på Jelsa ligg ikkje på eit høgdedrag men nede ved sjøen. Likevel verkar staden monumental for den som reiser sjøvegen, i det han er godt synleg og har ein vid innsynsvinkel. At kyrkjestaden på Vinjar ikkje er lagd til ein monumental stad kan forklarast ut frå topografien: ei eventuell monumental plassering ville ha komme i konflikt med omsyn som sentralitet og tilgjenge. I høve til sletta ho ligg på har kyrkja ei maksimalt synleg plassering.

Dei fire kyrkjene som er identifiserte som gardskyrkjer – Klepp, Bore, Time og Sand – står alle på det høgaste punktet på garden, dersom kravet om nærleik til tunet samstundes skal kunne bli oppfylt. Sidan ho også skulle markere stormannen si tilknytning til kongen, høvde det seg at ho vart gitt ei dominerande plassering i landskapet. Ei monumental plassering var også nødvendig for at kyrkja skulle kunne vere ei forlenging av sendaren, eigaren som kommuniserer budskapet om eiga makt.

Dei to kyrkjene eg har vurdert som fellestiltak, Jelsa og Vinjar, kommuniserer tilgjenge med si sentralplassering nær ferdslårer. Men også desse kyrkjestadene er godt synlege: ein bakanforliggende budskap er blitt materialisert for å påverke mottakaren gjennom visuelle inntrykk.

Krossen på Hauge er plassert på Anda – Tu høgda, oppå ein gravhaug frå folkevandringstid og vert gjort synleg gjennom samhandling mellom monument og stad.

Makt og maktkontinuitet?

I dei områda som her er undersøkte har vi sett at stormenn på gardar med økonomisk bereevne for kyrkjebygging har reist kyrkjer – her kalla gardskyrkjer. Forutan vurderingar knytte til religiøs overtvinging er det nærliggjande å tenke seg at maktaspektet ved kyrkjereising har vore viktig når ein stormann tok avgjerd om bygging: ville det å bygge kyrkje kunne sikre han og etterkomarane hans den makta som ætta hans tidlegare hadde hatt? Ville resultatet av avgjerda

vere fortsatt makt?

Kongemakta i Noreg voks på 1000-talet og eit stykke utover på 1100-talet. Venskap med kongen ville då vere viktig for ein stormann for å sikre eiga makt. Ein slik venskap kunne vinnast ved å bygge kyrkje (Skre 1995: 172). Dersom kyrkjelege i tillegg var økonomisk lønsamt, slik Smedberg (1973) som nemnt hevdar, ville kyrkjereising også kunne byggje opp under garden sin økonomiske status og på den måten sikre ein vidare maktposisjon.

Kyrkjebyggaren fekk vidare kontroll over gravene til forfedrane (Birkenes 2004) og gjennom lovpålegget om gravlegging i vigd jord (G 23), fekk stormannen også kontroll med andre slekter sine graver som no vart liggjande på hans gard. På same tid måtte bygdefolket, inklusive andre stormenn, komme til hans gard for å få utført lovpålagde kyrkjelege tenester, i hans kyrkje og av hans prest.

Vi har sett at gardskyrkjer til vanleg vart bygde i nærleiken av tunet. For kyrkjelyden kunne plasseringa av kyrkja nær tunet kommunisere stormannen sin vilje til makt gjennom alliansen med kongemakta.

Kyrkjestader i ytre og indre Rogaland – ei samanlikning

Denne oppgåva har teke utgangspunkt i spørsmålet om likskapar og skilnader mellom kyrkjestadene i to område i Rogaland, med tanke på å identifisera tendensar i kristningsprosessen i dei to områda: Kven bygde, kva tid og kvifor. Eg skal no sjå nærare på likskapane og skilnadene som har vist seg i materialet.

På Hauge finn vi uttrykk for kultkontinuitet: krosstaden er den som romleg er nærast knytt til ein eldre rituell stad, eit gravminne frå folkevandringstida. Birkeli legg vekt på den symbolske funksjonen der kross på gravhaug blir forklart som at slekta har gått over til kristendommen, men at kristen gravskikk med gravlegging i vigsle jord enno ikkje har teke til (Birkeli 1973: 149). Gabrielsen meiner ei forklaring kan vere å finne i at Hauge-krossen er reist i ein tidleg fase, og at kontinuitet i stad for kultutøving har bidratt til å tone ned det mentale skiljet mellom heidendom og kristendom (Gabrielsen [2002] 2007: 233). Eg ser òg krosstaden som ei tidleg markering av kristendomen sitt gjennomslag i området, og eit uttrykk for at ikkje alle kristne rituelle handlingar skjedde innandørs. Dessutan kan dei gamle rituelle samlingsstadene ha blitt kristna ved at dei vart okkuperte av den nye religionen.

På alle seks kyrkjestadene finn vi kultkontinuitet gjennom visuell kontakt ut frå kyrkjene til

gamle gravminne. Bore og Vinjar kyrkjer har gravminne nær inntil kyrkjegardsmuren; Jelsa skal endåtil ha hatt slike inne på kyrkjegarden. Kleppe, Time og Sand har gravminne på garden, men her låg gravene lenger borte. Det er vanskeleg å sjå eit mønster, men begge dei to kyrkjene i indre strok – samanfallande med dei som synest å vera fellestiltak – har gravminne med nærleik til kyrkja.

Det finst ikkje spor etter nedlagde kyrkjestader i nokon av skipreidene. Ei skipreide i ytre strok og ei i indre har to kyrkjestader, den andre skipreida i kvart område har berre ein. Talet på kyrkjer i skipreidene kan ha samband med folketalet. Alle kyrkjene i dei to undersøkingsområda vart etter kvart soknekyrkjer – fram til 1300-talet, då Bore og Sand kyrkjer vart annektskyrkjer under høvesvis Klepp kyrkje og Jelsa kyrkje. Dette siste forholdet kan ha samband med ein nedgang i folketalet etter Svartedauden og kan vere ein indikasjon på at dei vart bygde som gardskyrkjer.

Kyrkjestaden på Sand oppviser dei same trekka som er karakteristiske for kyrkjestadene med gardskyrkjer på Midt-Jæren, først og fremst det at han er knytt til gamletunet og samstundes plassert høgast mogleg i landskapet. At Sand kan ha vore tingstad peiker likevel mot at kyrkja kan ha vore reist som bygdekyrkje.

Skilnadene mellom Midt-Jæren og Indre Ryfylke er meir markante enn likskapane. For det første synest alle kyrkjene i det eg kallar ytre strok å vere gardskyrkjer, noko som kan tyde på at det har vore andre aktørar her og kan hende også ei noko tidlegare kristning enn det vi finn i indre strok. Fråveret av steinkrossar i indre strok underbyggjer denne vurderinga. Krossen på Hauge er mest sannsynleg reist 950-1000; sidan kristendomen såleis er tidlegare markert i ytre strok, kan det tenkjast at misjonstida (Birkeli 1973: 23) tok til tidlegare der enn i indre Ryfylke. Kyrkjestader derimot, dei første markørane for den nye religionen i indre strok, vart knapt skipa før utover på 1000-talet, etter vedtaket på Mostratinget.

Ingen av kyrkjene i ytre strok ligg nær gamle samlingsplassar, ein indikasjon på at dei er gardskyrkjer. Det synest å ha vore mindre vekt på å legge kyrkjene nær gamle samlingsstader i ytre strok enn i indre Ryfylke. Den større graden av nærleik til ferdsleveggar i Ryfylke kan ha samband med større vektlegging av tilgjenge når bygdefolket, slik eg har tolka data, gjekk saman om å byggje kyrkje.

Ein tydeleg skilnad mellom dei to undersøkingsområda synest å vere kva type kyrkje som er bygd. Medan alle kyrkjene i dei kystnære skipreidene er blitt vurderte som gardskyrkjer, er to av tre kyrkjer i skipreidene i Jelsa og Suldal vurderte som å vere reiste av bygdefolket i fellesskap.

Etter som eg tidlegare på generelt grunnlag har argumentert for ein tendens til at kollektivt bygde kyrkjer kan ha blitt reiste på eit noko seinare tidspunkt enn gardskyrkjene, skulle det vere rimeleg at vi finn kyrkjer som fellestiltak i indre Ryfylke: dette vert predikert av hypotesen om spreieing frå kyst til innland. Det som synest å kome i konflikt med hypotesen er at rekna frå kysten er rekkjefølgja fellestiltak (Jelsa) – gardskyrkje (Sand) – fellestiltak (Vinjar), ikkje som vi kunne ha venta gardskyrkje – fellestiltak – fellestiltak.

Fleire gardar i ytre delen av Jelsa skipreide hadde økonomisk bereevne til å reise kyrkje (jf. tabell 5.3). Svakt ressursgrunnlag kan såleis ikkje vere forklaringa på at det ikkje synest å vere bygt gardskyrkje i området.

Ein forklaringsmåte vil då kunne vere at påverknaden frå kristne idear kom tidlegare til Sand og den indre delen enn til den ytre delen av skipreida. I så fall kan dette best forklarast ved at Sand, som tidlegare nemnt, var eit knutepunkt for ferdsle: til lands mot Suldal, Røldal og Telemark, til sjøs mot Imsland, Sandeid og Bergen, og framfor alt mot Stavanger. På andre sida var Jelsa-området geografisk nærare impulsane frå dei kystnære områda enn Sand.

Ein alternativ forklaringsmåte kan vere for svakt befolkningsgrunnlag i den tidlege fasen av kristninga til å bere meir enn ei kyrkje i skipreida. Dei som budde i ytre strok av Jelsa skipreide i tidleg kristen tid kan ha fått kyrkjelege tenester av ambulerande prestar, og kjøpt gravferds-tenester ved kyrker som hadde gravrett.

På andre sida må vi ikkje binde oss opp i den førestellinga at gardskyrkjer alltid vart bygde tidlegare enn kollektivt reiste kyrkjer, sjølv om det som nemnt finst forskning som kan tyde på ein slik tendens (Brendalsmo 1994: 107). Jelsa kyrkje kan såleis vere bygd samtidig med eller endåtil før Sand kyrkje. Det verkar ikkje urimeleg at dei to delane av skipreida, det meir kystnære Jelsa og knutepunktet Sand, kan ha fått si første kyrkje – blitt kristna – på nokolunde same tid. Vinjar kyrkje sin sannsynlege status som bygdekyrkje kan tyde på samanheng med seinare kristen påverknad i Suldal skipreide enn i Jelsa skipreide, men også dette er usikkert.

Oppsummering

I dette kapitlet har eg undersøkt kven som var aktørane bak kross- og kyrkjereisinga i mine undersøkingsområde. Medan det i ytre strok mest sannsynleg vart reist gardskyrkjer av lokale stormenn ser det ut til at det i indre strok vart reist to fellesskapsbygde kyrkjer og ei gardskyrkje. På generelt grunnlag er det blitt argumentert for at gardskyrkjene kan ha blitt reiste før dei

fellesbygde kyrkjene. Med utgangspunkt i analyse av kyrkjestadene si plassering, som nærleik til tun, vart det føreslått at kyrkjeeigarar kunne ha hatt ulike motiv for å reise kyrkjer, som politisk og religiøst hegemoni eller ønskje om kultkontinuitet. Sannsynlege gardskyrkjer såg ut til å vere plasserte på monumentale stader, for å kunne formidle denne budskapen. Sannsynlege fellesbygde kyrkjer oppviste ikkje ein tilsvarande monumentalitet, men var likevel klart synlege i sine landskap. Ved å vera plasserte nær ferdsleårar og samlingsplassar kommuniserte dei eit ønskje om å vera tilgjengelege. Ved si monumentale plassering på ein førkristen gravhaug kristnar steinkrossen på eine sida fortida men peiker også framover mot kristninga som kjem. Samstundes er han det monumentet som først markerer at kristendomen er komen til Rogaland.

Resultat frå Rogaland i høve til andre undersøkingar

Korleis fell mine resultat inn i mønstret som elles er påvist på Vestlandet og andre stader i landet? Både i indre Sogn og i Hardanger var det, slik som i mine område, i det store og det heile berre ei kyrkje i kvar bygd og dei fleste, høvesvis tretten og sju, var reiste som privatkyrkjer. Kor vidt det var ei eller fleire kyrkjer, synest å ha samanheng med eigedomsstrukturen, der det i godsområde med store jordeigarar ofte var privatkyrkjer. For kyrkjestadene i søre Sunnhordland viste Ingvaldsens undersøking også at det kunne vere fleire kyrkjer i ei og same bygd og at dei fleste kyrkjene var reiste som privatkyrkjer på svært store gardar, noko som ikkje fell likt i mine område, der det var mellomstore gardar som bygde kyrkje på sin grunn.

Linda Berg fann i si undersøking av innlandsbygdene Røldal og Heddal at kyrkjene ut frå plassering var bygde som fellestiltak, med godt tilgjenge. Det er i stor grad sams med vurderingane mine av kyrkjereisinga i indre strom, sjølv om Sand her ser ut til å skille seg ut.

Sett under eitt viser undersøkinga mi fellestrekk med resultat frå dei andre undersøkingane – med hovudsakleg gardskyrkjer i ytre strom og tendensar til fleire fellesbygde i innlandsbygdene, slik som i Granvin (Birkenes 2004) og Heddal og Røldal (Berg 2005). Her skil likevel indre Sogn og Sør- Gudbrandsdalen seg, med eit fleirtal privatbygde kyrkjer. Det har mellom anna samanheng med eigedomsstrukturen i områda.

Heller ikkje andre som har granska kyrkjestader har makta å tidfeste etableringa av kyrkjestadene meir presist. Eg har likevel gjort eit forsøk på å resonnerer meg fram til korleis dette kan ha vore, men har ikkje greidd å gi sikrere svar.

7 AVSLUTNING

I denne oppgåva er seks kyrkjestader frå mellomalderen og ein krosstad i Rogaland frå den første kristne fasen undersøkte i eit kristningsperspektiv. Undersøkingssområda har vore dei kystnære skipreidene Time og Klepp på Midt-Jæren og Jelsa og Suldal i indre strok av fylket. Stadene er blitt vurderte i ein landskapsmessig kontekst for å kaste lys på problemstillingane om kven som reiste kross og kyrkjer, kva tid og kvifor kyrkjer vart reiste, og kva for vurderingar som kan ha lege til grunn ved val av kyrkjestader

Med utgangspunkt i hypotesen at kristninga tok til ute ved kysten og derifrå spreidde seg innover i landet har eg undersøkt om det finst tendensar i materialet som kan indikere eit slikt kristningsforløp, gjennom å undersøke likskapar og skilnader med omsyn til skiping av kristne rituelle stader i ulike strok av Rogaland.

For å nærme meg spørsmåla om kven som bygde, kva tid, kvifor og korleis stadene for kross og kyrkje vart valde, har eg lagt til grunn teoretiske perspektiv om makt og kommunikasjon gjennom monument og andre visuelle markørar, her i form av kross og kyrkje. Den metodiske tilnærminga innebar i første rekkje bruk av visuell landskapsanalyse; retrospektiv bruk av kart for å undersøkje eldre busetnad; retrospektiv bruk av eldre skriftlege kjelder for å undersøkje kyrkjegardane sin økonomiske status; bruk av stadnamn og bruk av dateringar der desse var tilgjengelege.

Undersøkinga avdekka to typar kyrkjestader: kyrkjestader med såkalla gardskyrkjer reiste av ein stormann eller bonde, og kyrkjestader med kyrkjer reiste av bygdefolket, i samhøve med føresegnene i kristenretten i Gulatingslova. Den første typen vart i hovudsak identifisert ut frå plasseringa i høve til gamletunet på garden og ut frå namnet på garden og garden si økonomiske bereevne. Desse kyrkjestadene bar alle namn etter garden dei ligg på. Alle vart seinare soknekyrkjer, men Bore og Sand vart annektskyrkjer på 1300-talet. Gardsnamna Kleppe og Hauge gav namn til sine respektive skipreider. Den andre typen, bygdekyrkjene, låg sentralt i si bygd, nær veg, fjord eller vatn. Ei av kyrkjene, Jelsa, vart soknekyrkje og bar namn etter bygdelaget. Jelsa var også namnet på skipreida. Mønsteret som teikna seg var at krosstaden og dei tre kyrkjene på Midt-Jæren hadde gardstilknytning; det same hadde eine kyrkja i indre Ryfylke, medan to kyrkjestader i indre Ryfylke såg ut til å vere skipa av bygdefellesskapet. Med utgangspunkt i kyrkjelege forhold i tidleg middelalder og høgmiddelalderen, m.a. den gregorianske reformrørsla, argumenterte eg for at gardskyrkjer gjerne var blitt bygde noko

tidlegare enn kyrkjer reiste av bygdefolket i fellesskap. Eg føreslo at omskiftet kom om lag på midten av 1100-talet.

Tidspunkt for bygging av kyrkjene vart deretter forsøkt innsnevra gjennom *terminus ante quem*-dateringar med utgangspunkt i middelalderbrev i *Diplomatarium Norvegicum*.

Ut frå Kristine Gabrielesens datering av steinkrossen på Hauge i Klepp skipreide til mellom 950 og 1000 er det rimeleg å tenkje seg at denne vart reist i ein tidlegare fase av kristningsprosessen enn den fasen som kyrkjebygginga representerer.

Kyrkjestaden si plassering i forhold til eldre kultutøving – heidenske gravhaugar og gravrøyser – var ein del av vurderinga, med det føremålet å spore kontinuitet eller brot i plasseringa av kyrkjestaden. Ut frå ein vid, romleg definisjon av kontinuitet, der visuell kontakt mellom kyrkjestad og heidensk gravminne var kriteriet, fann eg at alle stadene oppviste ein slik kontinuitet, men at graden av nærleik mellom heidenske gravminne og kyrkjestad var varierende.

Andre omsyn som var avgjerande for plassering av krossen og kyrkjene var i første rekkje monumentalitet for krossen og gardskyrkjene og lett tilgjenge for bygdefolket når det galdt fellesbygde kyrkjer.

Eg føreslo at forutan religiøs overtvinging kunne vilje til makt vera ei av drivkreftene for bygging av gardskyrkjer.

Avslutningsvis argumenterte eg for tidlegare kristen påverknad og kristning av dei ytre bygdelaga i Rogaland enn av dei indre, med grunnlag både i krossreising og i dominansen av gardskyrkjer i dei kystnære skipreidene. Aktørane i kristninga på Midt-Jæren ville vera stormenn. Eg peikte på at ei mogleg tidleg gardskyrkje på Sand og ei kan hende noko seinare bygdekyrkje på det meir kystnære Jelsa kunne ha samband med tidlegare kristen påverknad i kommunikasjonsknutepunktet Sand, men føreslo likevel at kyrkjereising - og dermed kristning - kunne ha føregått på same tid i dei to bygdelaga, men kan henda med ulike aktørar: ein stormann på Sand, og bygdefolket sjølve på Jelsa. For Vinjar sokn føreslo eg eit noko seinare tidspunkt for kristning, og at kyrkja der var blitt reist av bygdefolket.

FIGURAR OG TABELLAR

Figurliste

Figur 1.1	– kart over undersøkingsområda inndelt i skipreide.....	5
Figur 1.2	– detaljkart over Haug skipreide.....	5
Figur 1.3	– detaljkart over Klepp skipreide.....	5
Figur 1.4	– detaljkart over Jelsa skipreide.....	5
Figur 1.5	– detaljkart over Suldal skipreide.....	5
Figur 4.1	– oversiktsbilete – Time kyrkjestad.....	24
Figur 4.2	– oversiktskart over Time kyrkjestad.....	26
Figur 4.3	– bilete, Krosshaug.....	27
Figur 4.4	– oversiktskart over Hauge krosstad.....	28
Figur 4.5	– oversiktskart over Klepp kyrkjestad.....	31
Figur 4.6	– oversiktsbilete – Bore kyrkjestad.....	32
Figur 4.7	– oversiktskart over Bore kyrkjestad.....	34
Figur 4.8	– bilete – Jelsa kyrkjestad.....	36
Figur 4.9	– oversiktskart over Jelsa kyrkjestad.....	38
Figur 4.10	– bilete – Sand kyrkjestad.....	39
Figur 4.11	– utsyn – Sand gamle kyrkjestad.....	40
Figur 4.12	– oversiktskart over Sand kyrkjestad.....	41
Figur 4.13	– bilete – Vinjar kyrkjestad.....	43
Figur 4.14	– oversiktskart over Vinjar kyrkjestad.....	45

Tabelliste

Tabell 5.1	oversikt over kyrkje-/krosstad og dei største gardane i <i>Haug skipreide</i> , utfrå landskylda i 1647.....	50
Tabell 5.2	oversikt over kyrkjestader og dei største gardane i <i>Klepp skipreide</i> , utfrå landskylda i 1647.....	51
Tabell 5.3	oversikt over kyrkjestader og dei største gardane i <i>Jelsa skipreide</i> , utfrå landskylda i 1647.....	52
Tabell 5.4	oversikt over kyrkjestader og dei største gardane i <i>Suldal skipreide</i> , utfrå landskylda i 1647.....	53
Tabell 6.1	Kyrkjestadene i landskapet.....	55
Tabell 6.2	kyrkjestader – <i>terminus ante quem</i> -dateringar.....	61

Litteratur og kjelder

Adam av Bremen, i: H. Koht, 1950, *Norrøne bokverk nr. 19*, Samlaget, Oslo.

Andersen, P. S. 1977. *Samlingen av Norge og kristningen av landet 800-1130*, Universitetsforlaget, Oslo.

Anker, P. 1996. *Stavkirken – deres egenart og historie*, Cappelen kunstfaglige bibliotek, Oslo.

Bagge, S.[1998] 2005. *Mennesket i middelalderens Norge: tanker, tro og holdninger 1000-*

- 1300, Aschehoug, Oslo.
- Bakka, G. og B. Eikeland. 2002. *Suldal kyrkje, Nesflaten kapell*, Suldal sokneråd, Sand.
- Bakka, T. 1997. Stadnamn, vegar og verksemd i Dyraheia. Om stadnamn i heiområdet mellom Setedal/Vest-Telemark og Nordaust-Ryfylke, *AmS-Varia 16*, E.S. Pedersen, (red.), 3-52, Arkeologisk museum i Stavanger.
- Berg, L. 2005. *Heddal og Røldal. En komparativ analyse av to kirkesteder*. Upublisert masteroppgåve i arkeologi, Universitetet i Bergen.
- Birkeli, F. 1973. *Norske steinkors i tidlig middelalder. Et bidrag til belysning av overgangen fra norrøn religion til kristendom*, Universitetsforlaget, Oslo.
- Birkenes, L. Ø. 2004. *Gard, grav og kyrkje. Ein arkeologisk analyse i Hardangerregionen*. Upublisert hovudfagsoppgåve i arkeologi. Universitetet i Bergen.
- Bjørkvik, H. 1995. Kva slags samfunn var det som tok imot kristendommen? Den vestnorske samfunnsstrukturen omkring år 1000, *Møtet mellom hedendom og kristendom i Norge*, H.-E. Lidén (red.), 58-79, Universitetsforlaget, Oslo.
- Bjørkvik, H. 1999. Avaldsnes i førhistorisk og tidleg historisk tid, *Kongskyrkje ved Nordvegen. Olavskyrkja på Avaldsnes 750 år*, S.I. Langhelle og B. Lindanger (red.) 9-54, Lokalhistorisk stiftelse, Karmøy.
- Bradley, R. [1993] 1996. *An archaeology of natural places*, Peatfield,
- Brattekværne, C. 2006. *Kirkesteder i indre Sogn*. Upublisert hovudfagsoppgåve i arkeologi, Universitetet i Bergen.
- Brendalmo, A.J. 1994. Nye tider – nye skikker?, *Fra hammer til kors. 1000 år med kristendom. Brytningstid i Viken*, J.I Hansen & K.G. Bjerva (red.), 103-117, Schibsted, Oslo.
- Brendalmo, A. J. 1997. Kirken er et gammelt sted. Kristningen og landskapet, *Norveg 1*, 3-18, Oslo
- Brink, S. 1990. Sockenbildning och sockennamn. Studier i äldre territoriell indelning i Norden, *Acta Academiae regiae Gustavi Adolphi LVII, 14*. Uppsala.
- Carver, M. 2001. Why that? Why there? Why then? The politics of early Medieval monumentality, *Image and Power in the archaeology of Early Medieval Britain. Essays in honour of Rosemary Cramp*, H. Hamerow & A. MacGregor (red.), 1-22, Oxbow books, Oxford.

- Christensen, A.L. 2002. *Det norske landskapet. Om landskap og landskapsforståelse sett med kulturhistoriske øyne*, Pax forlag, Oslo.
- Dahl, O. 1976. *Norsk historieforskning i 19. og 20. århundre*, Universitetsforlaget, Oslo.
- Drange, E. B. 2000. *Sand – gardar og folk III*, Suldal kommune, Sand.
- Drange, E. B. 2004. *Erfjord – gardar og folk I*, Suldal kommune, Sand.
- Fladby, R. og J. O. Gjermundsen (red.) *Skattematrikkelen 1647 X – Rogaland fylke*, 1978, Universitetsforlaget, Oslo.
- Foldøy, O. 1967. *Jelsa: Gards- og ættesoga*, Suldal kommune, Sand.
- Foldøy, O. 1981. *Suldal kultursoge: Jelsa II*, Suldal kommune, Sand.
- Fuglestedt, I. og P. Hernæs. 1995. Rituell kommunikasjon i yngre jernalder. Forslag til modell for forståelse av storhauger og steinkors i brytningstiden mellom hedendom og kristendom, *Nordsjøen. Handel – religion og politikk. Karmøyseminaret 94/95*, J. F. Krøger og H.-R. Nayley (red.), 140-150, Karmøy kommune/Dreyer bok, Karmøy.
- Fuglestedt, I. 1997. Mellom hedendom og kristendom – mellom ættesamfunn og kongerike. Bruken av monumentale anlegg i en brytningstid. *Konflikt i forhistorien Ams-Varia 30*, I. Fuglestedt og B. Myhre (red.), 41-55, Arkeologisk museum i Stavanger.
- Gabrielsen, K.H. [2002] 2007. Vestlandets steinkors. Monumentalisme i en brytningstid, *UBAS Hovedfag/Master 2*, 115- 272, Universitetet i Bergen.
- Gansum, T., G. Jerpåsen og C. Keller. 1997. Arkeologisk landskapsanalyse med visuelle metoder, *Ams-Varia 28*, 10-55, Arkeologisk museum i Stavanger.
- Gellein, K. [1997] 2007. Kristen innflytelse i hedensk tid? En analyse med utgangspunkt i graver fra yngre jernalder i Hordaland, *UBAS hovedfag/Master 2*, 9-114, Universitetet i Bergen.
- Gjerdåker, J. 2001. *Kontinuitet og modernitet, Norsk landbrukshistorie III*, Samlaget, Oslo.
- Gjermundsen, J. O. [1980] 1991. Hvor langt kan vi stole på skattematrikkelen?, *Den eldste matrikkelen. En innfallsport til historien. Skattematrikkelen 1647*, R. Fladby og H. Winge (red.), 33-37, Norsk lokalhistorisk institutt, Oslo.
- Gräslund, A.S. 1992. Kultkontinuitet – myt eller verklighet? Om arkeologins möjligheter att belysa problemet, *Kontinuitet i kult och tro från vikingatid til medeltid*, B. Nilsson (red.), 129-151, Projektet Sveriges kristnande publikationer 1, Uppsala.

- Gren, L. 1992. Petrified Tears. Archaeology and Communication through Monuments, *Current Swedish Archaeology*, vol.2, M.Burstöm & A. Carlsson (red.), 87-111, The Swedish Archaeological Society, Stockholm.
- Grågås*, Stavanger stifts og domkapitels jordebok ca. 1620, K. O. Hodne, 1986, Agder historielag, Kristiansand
- G = Gulatingslovi*, omsett frå gamalnorsk av Knut Robberstad, 1969, *Norrøne bokverk 33*, Samlaget, Oslo.
- Helle, K. 1991. Tiden fram til 1536. I: R. Danielsen, S. Dyrvik, T. Grønlie, K. Helle og E. Hovland, *Grunntrekk i norsk historie. Fra vikingtid til våre dager*, 13-106, Universitetsforlaget, Oslo.
- Helle, K. 1995. Kongemakt og kristendom. *Kristendommen slår rot, Onsdagskvelder i Bryggens museum – X*, A. Ågotnes (red.), 41-54, Bergen.
- Helle, K. 2001. *Gulatinget og Gulatingslova*, Skald, Leikanger.
- Helliesen, T. 1906. Oldtidslevninger i Stavanger amt, *Stavanger museums årshefte*, Stavanger.
- Hernæs, P. 1995. Kristen innflytelse i Rogalands vikingtid. *Møtet mellom kristendom og hedendom i Norge*, H.E. Lidén (red.), 80-120, Universitetsforlaget, Oslo.
- Hodder, I. 1982. *Symbols in Action. Ethnoarchaeological studies of material culture*, Cambridge University Press, Cambridge.
- Hodder, I. og E. Hutson. [1986] 2003. *Reading the past. Current approaches to interpretation in Archaeology*, 3. utgåva, Cambridge University Press, Cambridge.
- Hoftun, H. 1981. *Suldal kultursoge – gamle Suldal*, Suldal kommune, Sand.
- Hovstad, H. 1981. Hva jordskiftekart kan fortelle, *Våre gamle kart*, R. Fladby og L. Andreassen (red.), 19-30, Universitetsforlaget, Oslo.
- Ingvaldsen, L. M. 1996. *Kirkene i søre Sunnhordland i tidlig- og høymiddelalder. Hvor ble kirkene bygget, hvorfor ble de bygget her og av hvem?* Upublisert hovudfagsoppgåve i arkeologi, Universitetet i Bergen.
- Iversen, F. 1999. Var middelalderens lendegårder kjerner i eldre godssamlinger? En analyse av romlig organisering av graver og eiendomsstruktur i Hordaland og Sogn og Fjordane, *Arkeologiske avhandlinger og rapporter nr. 4*, Universitetet i Bergen.
- Keller, C. 1991/1992. Visuelle landskapsanalyser i arkeologien, *Universitetets Oldsaks-*

- samlings årbok 1991/1992*, (red.), 59-68, Oslo.
- Kraft, J. 1845. *Historisk-topographisk haandbog over kongeriget Norge*, Fabritius, Christiania.
- Lidén, H.-E. 1969. From Pagan Sanctuary to Christian Church. *Norwegian Archaeological Review* 2, 3-21.
- Lidén, H.-E., 1995a. Kultkontinuitetsproblemet. Ble kirken på Mære i Nord-Trøndelag bygget hovets grunn?, *Kristendommen slår rot, Onsdagskvelder i Bryggens museum – X*, A. Ågotnes (red.), 7-17, Bergen.
- Lidén, H.-E. 1995b. De tidlige kirkene. Hvem bygget dem, hvem brukte dem og hvordan?, *Møtet mellom hedendom og kristendom i Norge*, H.-E. Lidén (red.), 129-141, Universitetsforlaget, Oslo.
- Lillehammer, A. 1970. *Om busetnadshistorie i førhistorisk tid. Ei drøfting av somme kjelder*, magistergradsavhandling i arkeologi, Universitetet i Bergen.
- Lindanger, B. 1990. *Klepp. Bygdesoge til 1837*, Klepp kommune, Kleppe.
- Lunden, K. 2002. *Frå svartedauden til 17. mai, 1350-1814, Norges landbrukshistorie II*, Samlaget, Oslo.
- Lunden, K. 2004. Religionsskiftet – sivilisasjonsframvokster – statsdanning – identitetsendring. To studiar i norsk historie frå ca. år 950 til 1300, *Religionsskiftet i Norden*, J. V. Sigurðsson, M. Myking og M. Rindal (red.), 13- 63, Unipub, Oslo.
- Madsen, O. 1998. *Fra Tor til Kristus. Overgangen fra hedendom til kristendom, belyst ut fra det arkeologiske materialet i Etne i Sunnhordland*, upublisert hovudfagsoppgåve i arkeologi, Universitetet i Bergen.
- Magnus, B. 1975. Krosshaugfunnet. Et forsøk på kronologisk og stilhistorisk plassering i 5. århundret, *Stavanger museums skrifter* 9, Stavanger.
- Marthinsen, L. [1980] 1991. Landskyld og landskyldvarer, *Den eldste matrikkelen. En innfallsport til historien. Skattematrikkelen 1647*, R. Fladby og H. Winge (red.), 11-15, Norsk lokalhistorisk institutt, Oslo.
- McNicol, J. 1997. *Plasseringen av de første kirkene i Norge i forhold til de første kultstedene. En historiografisk studie omfattende tiden etter 1830*, KULTs skriftserie nr. 98, Oslo.
- Munch, P.A. [1852] 1996. *Norrøne gude- og heltesagaer*, revidert av J. Haavardsholm,

- Universitetsforlaget, Oslo.
- Müller, I.H.V. 1991. Fra ættefelleskap til sognefelleskap. Om overgangen fra hedensk til kristen gravskikk, *Nordisk hedendom – et symposium*, G. Steinsland, U. Drobin, J. Pentikäinen og P. Meulengracht Sørensen (red.), 359-373, Odense universitetsforlag, Odense.
- Myhre, B. 2004. Irske gjenstander med kristne motiver – bare røvergods?, i: Tor Obrestad, *Den lengste historia. Rogaland 10 000 f.Kr.-1350 e.Kr*, Wigestrands forlag, Stavanger.
- NIyR III = *Norske innskrifter med de yngre runer. Tredje bind. VIII. Aust-Agder, IX. Vest-Agder, X. Rogaland*. M. Olsen. Under medverknad av A. Liestøl. 1954. Kildeskriftfondet, Oslo.
- Nordhagen, P. J. 2003. Stavkyrkjene, *Norsk arkitekturhistorie. Frå steinalder til det 21. hundreåret*, i: N. G. Brekke, P. J. Nordhagen og S. S. Lexau, 89-120, Samlaget, Oslo.
- Noregs kongesoger I, "Soga om Håkon den Gode"* (første delen) F. Hødnebo og H. Magerøy (red.), 1979, Samlaget, Oslo.
- Norsk stadnamnsleksikon*, 4. utgåva, J. Sandnes og O. Stemshaug (red.), 1997, Samlaget, Oslo.
- Olsen, M. og H. Schetelig. 1909. De to runestener fra Tu og Klepp paa Jæderen, *Bergen Museums Aarbog, nr. 11*, 1- 30, Bergen.
- Olsen, M. 1926. *Ættegård og helligdom. Norske stedsnavn sosialt og religionshistorisk belyst*, H. Aschehoug & co., Oslo.
- Olsen, O. 1966. *Hørg, hov og kirke. Historiske og arkæologiske vikingtidsstudier*, København.
- Olsen, O. 1995. "Hørg, hov og kirke" – 30 år efter, *Møtet mellom hedendom og kristendom i Norge*, H.-E. Lidén (red.), 121-128, Universitetsforlaget, Oslo.
- Rindal, M. og G. Steinsland. 2001. *Heilage stader i Norge*, Samlaget, Oslo.
- Robberstad, G. 1969. Omsetjing av Gulatingslovi, *Norrøne bokverk 33*, Samlaget, Oslo.
- Rygh, O. [1915]1969. *Norske Gaardnavne*, bd. 10, Stavanger amt, Børsums forlag og antikvariat, Oslo.
- Rønneseth, O. 2001. *Gard og gjerde. Faser i utviklingen av Jærens naturlandskap*, Erling Skjalgssonselskapet, Stavanger.

- Sandnes, J. og O. Stemshaug (red.), 1997. *Norsk stadnamnsleksikon*, Samlaget, Oslo.
- Smedberg, G. 1973. *Nordens första kyrkor. En kyrkorättslig studie*, CWK Gleerup, Lund.
- Sawyer, B. og P. Sawyer. 1993. *Medieval Scandinavia. From conversion to Reformation Ca. 800-1500*, University of Minnesota press, Minneapolis. London.
- Skattematrikkelen 1647. X. Rogaland fylke*, Fladby, R. og J.O. Gjermundsen (red.), Norsk lokalhistorisk institutt, Oslo, 1978.
- Skre, D. 1984. *Gård, kirke, bygd og sogn*, magistergradsoppgåve i arkeologi, Universitetet i Oslo.
- Skre, D. 1995. Kirken før sognet. Den tidligste kirkeordningen i Norge, *Møtet mellom hedendom og kristendom i Norge*, H.-E. Lidén (red.), 170-233, Universitetsforlaget, Oslo.
- Solberg, B. 2003. *Jernalderen i Norge*, Cappelen akademisk forlag, Oslo.
- Solli, B. 1996. *Narratives of Veøy. An investigation into the Poetics and Scientifics of Archaeology*, Universitetets Oldsaksamlings skrifter, ny rekke, nr. 19, Oslo.
- Steinnes, A. 1974. *Styrings- og rettsskipnad i sørvest-Noreg i mellomalderen*, Samlaget, Oslo.
- Steinsland, G. 2005. *Norrøn religion*, Pax forlag, Oslo.
- Særheim, I. 1987. Person- og stadnamn fortel, *Vårt eget språk 2*, E. B. Johnsen (red.), 268-343, Aschehoug, Oslo.
- Særheim, I. 1996. *Kleppkyrkja 1846-1996*, Klepp sokneråd, Kleppe.
- Særheim, I. 2002. Frå Feistein til Napen. Stadnamn i Rogaland, *Stavanger turistforenings årbok*, K. Helle-Olsen (red.), 8-220, Stavanger.
- Sør-Reime, G. 2003. Mellomalderminne i Rogaland, *AmS-Småtrykk 73*, Stavanger.
- Tjomsland, N. 2003. Suldal. Veggen mellom øst og vest, *Rogaland*, H. Thomsen (red.), 324-339, Wigestrands forlag, Stavanger.
- Try, H. [1980] 1991. Kva skattematrikkelen ikkje fortel. Om grupper som fall utanfor, *Den eldste matrikkelen. En innfallspurt til historien. Skattematrikkelen 1647*, R. Fladby og H. Winge (red.), 38-43, Norsk lokalhistorisk institutt, Oslo
- Øye, I. 2002. Landbruk under press 800-1350. I: B. Myhre og I. Øye, *Jorda blir levevei 4000 f.Kr.-1350 e. Kr., Norges landbrukshistorie I*, 215-414, Samlaget, Oslo.

Utrykte kjelder

<http://askeladden.ra.no/sok/>

http://www.dokpro.uio.no/dipl_norv/diplom_felt.html

Statsarkivet i Stavanger: Ryfylke sorenskriverembete. Pantebok nr. 9, 1853-1859, fol.25a-26a gnr. 38 i Jelsa herad (no gnr. 137 i Suldal kommune) (utskrift)

Topografisk arkiv, Arkeologisk museum i Stavanger (AmS)

Lillehammer, A. 1982. Innberetning om graving av to mulige gravhaugrester på Suldal prestegard, gnr. 27, bnr. 1. Top.Ark. Arkeologisk museum i Stavanger

Lund, H. E. 1938. Undersøkelse av tre mindre hauger på Hovtun i Suldal s. og p. Top.Ark. Arkeologisk museum i Stavanger

Næss, J. R. 1970. Melding om undersøkelse av folkevandringstidsgravgjemme på Jelsa kirkegård, Suldal (Jelsa s. og p.), Top.Ark, AmS

Røthe, G. 1984. Innberetning til Top.Ark, Hoftun 29/1, Suldal k.

Personlege meddelingar

Ernst Berge Drange, bydebokforfattar og tilsett ved Ryfylkemuseet avd. Sand.

Olle Hemdorff, arkeolog, Arkeologisk museum i Stavanger

Jostein Skjelstad, landbrukskontoret i Suldal kommune

Torborg Strand, Riksantikvarens arkiv